


# METODERAPPORT

# Når kvardagen vert ein kamp

## Spesialomsorg i Årdal kommune

**Av journalist Hanne Stedje, Sogn Avis**

**11. januar 2011**

**Innhald:**

1. Kontaktinformasjon

2. Bakgrunnen for saka

3. Kjeldearbeid
3.1 Opne og lukka kjelder
3.2 Hemmelege møte
3.3 Offentleglova
3.4 Bruk av sosiale medier som kjelde

4. Andre medier

5. Konsekvensar / sluttord

Vedlegg:

I: Logg

II: Artiklane som stod på trykk i Sogn Avis om saka.

**1. Kontaktinformasjon**

Reporter. Hanne Stedje (svangerskapspermisjon)
e-post: hanne@sognavis.no
telefon: 99461283

Andre kontaktar:

Desk/research: Geir Bjarte Hjetland
e-post: gbh@sognavis.no
telefon: 91768908

Redaktør Jan Inge Fardal
e-post: jani@sognavis.no
telefon: 91310274

## 2. Bakgrunnen for saka

**Tema:** Avlastingstilbodet til familiar med særskilde hjelpebehov i Årdal kommune
**Tal artiklar: Ti**l saman 32, inkludert 5 hovudoppslag
**I tillegg:** 4 leiarartiklar, samt debattinnlegg, deriblant 4 frå tilsette i spesialomsorg
**Involverte:** 4 familiar med sterkt fysisk og psykisk utviklingshemma born, sentrale politikarar i Årdal, spesielt ordførar og formannskap, rådmann, tenesteleiar, kommunalsjef, hovudverneombod Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og setterådmann henta inn frå Eidsvoll kommune.

**Bakgrunn:**
Gjennom våren 2010, fekk me stadig fleire tips om at det var stadig fleire tilhøve innanfor tenesteområdet spesialomsorg som ikkje fungerte i Årdal kommune1. Lokal var det kjend at fagområdet  i fleire år har vore prega av stor gjennomtrekk, mellom anna på leiarsida og når det gjeld personale, arbeidskonfliktar og mykje frustrasjon frå pårørande si side over tilbod som ikkje fungerer.  Eg har fleire gonger dei siste åra vore i kontakt med desse familiane, etter å ha høyrt snakk ute i bygda og ikkje minst sett desse namna versere på klagesaker på postjournalen til kommunen. Dei har vegra seg for å stå fram med sine historiar, men i april i år var likevel det berømte begeret fullt for ein av dei, og eg vart kontakta med tanke på å formidla ein bodskap om brotne lovnader frå kommunen si side og eit sårt etterlengta tilbod som ikkje kom på plass.

**Kjerna i saka:**
Tre familiar med born mellom 8 og 16 år som alle har krav på avlasting frå det offentlege i ulik grad. Kommunen har sidan 2001 jobba med å få bygd og etablert ein eigen bustad der avlastinga skal gå føre seg for til saman tre brukarar. I mellomtida har borna hatt avlasting i private familiar.
Familiane vart fortalt at boligen skulle stå ferdig våren 2009, men ingenting skjedde og kommunen løyste dette ved anten å henta inn nye private familiar, betala godgjersle til besteforeldre til eitt av borna, godtgjersle for au pair og i eitt av tilfella, kjøp av private tenster frå ein aktør på Leikanger.
Familiane vart lova at tilbodet skulle stå klart i april 2009, men dette skjedde ikkje.
Då dette byrja å rulle, tok eg kontakt med redaksjonsleiinga, og det vart bestemt at eg fekk bruka den tida som var naudsynt på å grava i denne saka. Dette er sjeldan kost i ei lokalavis, men dette grepet var det som gjorde at me klarte å gjere saka til den den vart.

Me vart tildelt presseprisen for Sogn og Fjordane for dette arbeidet. Me vel å ta med juryen si grunngjeving for dette:

> *Arbeidet med denne saka går til kjerna av det samfunnsoppdraget   ein har som journalist. Her har Sogn Avis verkeleg vist kva som er meint med den fjerde statsmakt i ordets beste betydning. Gjennom målretta og godt journalistisk handverk har journalisten utløyst politisk handling og endring i lokalsamfunnet. Juryen er imponert både over det arbeidet som er lagt ned men også resultatet og viljen til endring for dei impliserte. Juryen vil også peike på det sosiale samvitet som ligg i botnen for det redaksjonelle engasjementet. Dette er journalistikk av aller beste merke og eit lærestykke for oss alle!*

## 3. Kjeldearbeid

### 3.1 Opne og lukka kjelder

Me la stor vekt på ein brei bruk av og utstrekt kontakt med ulike kjelder i arbeidet.

● Ein av familiane tok kontakt og ønskte å fortelja si historie. Det var viktig for meg å synleggjera at det her ikkje er snakk om noko einskild tilfelle, så eg kontakta i sin tur dei to andre familiane som er omfatta av behovet for avlasting.
Etter betenkningstid og mykje overtaling, valde også dei to andre å stå fram med sine historiar, her snakkar me om ein dominoeffekt. Det er lettare å ta den belastninga det er å vera på framsida av avisa når fleire andre torer å gjera det same.

● Fleire tidlegare og noverande tilsette innan spesialomsorg har teke kontakt per telefon, ikkje for å stå fram, men for å gje opplysningar og poengtera at det er mykje som ikkje er som det skal innanfor dette teneste området.

● Ein tidlegare tilsett har stått fram med fullt navn, dei noverande har skrive lesarinnlegg som me har vald å anonymisera grunna stillingane dei har innanfor tenesta. Dei som ikkje vil stå fram med navn gjer dette fordi dei fryktar reprimandar, utfrysing, forflytting innanfor tenesteområdet mot deira vilje.

● Ei rekkje andre familiar/pårørande har teke kontakt for å gje informasjon, men desse ønskte ikkje å stå fram fordi dei frykta at det kunne forverra tilbodet til deira brukar. Desse samtalane har gått føre seg på telefon, via epost og besøk i heimen.

● I eitt tilfelle har eg møtt ei gruppe på seks noverande tilsette som ønskte å formidla opplysningar til meg som journalist. I eit lite og gjennomsiktig bygdesamfunn som Årdal, er eg som journalist lett å identifisera, og ingen av dei ønskte å bli sett snakkande med meg. Dermed vart eit vilkår for at møtet kunne finna stad, at det vart gjort på ein avsidesliggjande stad langt utanfor sentrumsområda. Eg møtte desse seks personane i ei hytte i ein av sidedalane til Årdal og hadde ein to timar lang samtale med dei.

● Same dag som første sak stod på trykk, hadde formannskapet i Årdal møte. Representanten Hilmar Høl viste til oppslaget, kalla det graverande og alvorleg og forlangte ei orientering frå kommunen. Seinare vart det også omtalt i kommunestyret, der andre representantar for andre parti uttala seg om saka. Det har seinare vore to lukka og to ordinære formannskapsmøte der denne saka har vore på dagsordenen. Eit hastemøte 14.mai hadde dette som einaste sak.

● I Sogn Avis sitt tekstarkiv fanst det to saker om to andre brukarar av verna bustad i Årdal kommune som var blitt offer for personalmangel, den eine frå 2006, den andre frå 2008. I kjølvatnet av at dei tre første familiane stod fram, dukka det opp ein fjerde, far til ei 23 år gammal autistisk jente med lang erfaring i å kjempa for eit tilstrekkeleg tilbod.
I begge tilfeller hadde tilbodet kollapsa grunna personalmangel, og begge brukarar måtte i all hast flyttast til ein privat insititusjon på Leikanger.

● Samtlege familiar har mykje skriftleg dokumentasjon, både når det gjeld diagnosar og spesialistuttalar for borna sine og når det gjeld kommunikasjon med kommunen.
Av papirbunkar, saksdokument og epostar sendt til og frå det kommunale systemet, gjekk det fram at arbeidet med det som vert omtalt som ”nye verna bustad” var kraftig forseinka. samtykke til.

Fleire stader oppgav kommunen svart på kvitt datoar for opning, men faktum er at boligen først vart klar til bruk etter vår omtale av saka.

**3.3 Offentlege dokument / krav etter offentleglova:**

● I einskilde tilfelle fekk me tips om dokument frå postjournalen me burde sjå nærare på.
I andre tilfelle ba me kommunen om informasjon og innsyn. Kommunikasjonen med kommuneleiinga synte seg særs vanskeleg, ikkje minst etter kvart som saka utarta og kommunen kom i eit stadig dårlegare lys, i alle fall sett med kommuneleiinga sine auge.

● Eg har ved tre tilfelle bede om å få utlevert dokument som skulle fungera som bakgrunnsmateriale. Kommunen har i samtlege tre tilfelle avslått utan å oppgje paragrafar i offentleglova/tilstrekkeleg grunngjeving. I to av tilfella fekk eg tak i dokumenta frå pårørande, i eitt av tilfella fekk eg hjelp av Norsk Journalistlag sentralt til å peika på forhold og paragrafar som rettferdiggjorde min førespurnad. Kommunen etterkom også denne til sist, men det tok ti arbeidsdagar og omfattande e-postkommunikasjon for å få det til. Dette avdekka at kommuneleiinga i tillegg til uvilje, har lite kunnskap om det å praktisera meiroffentlegheit, trass i at Årdal kommune hardnakka vil hevda at dei gjer det.

● I eitt særskild tilfelle vart rådmannen sitt notat til formannskapet om avlastingstilbodet unnateke offentlegheit. Etter å ha fått to avslag på å få dette utlevert, insisterte me på at kommunen bad partane om løyve til å gje Sogn Avis innsyn, jamfør offentleglova.
Kommuneleiinga nærast lo av oss og kunne ikkje sjå at dette var deira oppgåve.
Dei fekk seg ei overrasking då Fylkesmannen stadfesta at Sogn Avis hadde høve til å be om dette, og måtte be samtlege tre familiar om skrifleg løyve på kort varsel. Her skapte kommuneleiinga etter mitt syn unødvendig mykje arbeid for seg sjølve i ein elles travel kvardag.

● I eitt tilfelle bad me om å få utlevert ei klagesak frå Fylkesmannen, som avslo på bakgrunn av teieplikta. Same metode vart brukt, Fylkesmannen bad familien om løyve til innsyn, noko dei gav.

**3.4 Bruk av sosiale medier som kjelde**

● I Sogn Avis har me eit medvite forhold til det å knyte nye og gamle kontaktar via sosiale nettverk som Facebook og Twitter. I arbeidet med denne saka kom det til god nytte. Det kan verka som om folk sin terskel for å «varsla» er lågare når ein kan gjere det ve å senda ei melding på Facebook, framfor det å ringa eller ta kontakt på andre måtar. Me merka at me hadde mange lesarar som følgde sakene tett, både i avisa, på nett og via Sogn Avis si side på Facebook. Det er første gong me medvite har gått ut og bede direkte om tips og informasjon via Facebook, men det syner seg at dette fungerer, så lenge ein er kjeldekritisk.me medvite har gått ut og bede direkte om tips og informasjon via Facebook, men det syner seg at dette fungerer, så lenge ein er kjeldekritisk.

## 4. Andre medier

Sogn Avis har ein monopolsituasjon i Indre Sogn. Me tevlar i stor grad om nyhendesakene på nett og då i stor grad med NRK Sogn og Fjordane og Firda. I Årdal finst det óg ein lokalportal kalla porten.no. Dei valde å ikkje referera våre saker, men valde i staden å trykka eit brev frå tenesteleiar Kristiane Laberg i sin heilheit. Dette er den einaste gongen den kritiserte tenesteleiaren har sagt noko offentleg om våre avsløringar. Me valde å sjå vekk frå porten.no si dekning, og lot oss heller ikkje påverke av dei skuldingane vedkomane kom med i brevet som vart publisert på denne måten.


Porten.no
57 66 66 59
www.lærdaltannhelse.no
FRAMSIDA GALLERI VERSTASJONAR KØYREFORHOLD OM PORTEN ARKIV JOTUN LIL SKULENETT SOGELAGET ÅFK ÅTIL
søksmål etter gymskade Prøvde å hindre pågriping av sonen Vanskelege køyreforhold Taktikkeren Tarjei Hotellmangel gir
Skriv ut

**Føler seg krenka av sentrale politikarar**
05.05.2010 13:47:50

**I eit ope brev til formannskapet tek leiar for spesialomsorg i Årdal, Kristiane Hæreid Laberg eit oppgjer med sentrale politikarar, som ho meiner kjem med nedlatande utsegner, og som gløymer arbeidsgjevarrolla si.**

- Den seinare tida har det vore fleire medieutsegner frå sentrale politikarar i formannskapet i Årdal kommune. Dette har gått svært langt i å kritisere spesialomsorg som tenesteområde, og leiarrolla mi. I det siste opplever eg at politikarar framstiller spesialomsorg på ein måte eg ikkje kjenner meg att i. Utsegnene vert for meg opplevd som krenkande. Ein kan undre seg over om dei same politikarane har gløymt all informasjon dei har fått gjennom fleire år, i form av notat og rapportar, skriv Laberg i brevet til formannskapet

Ut i frå utsegnene eg har lese i avisa forstår eg at: politikarane er flaue, det er mangel på planar og oppfølging, det vert ikkje arbeidd mot dei måla politikarane har sett, det er dårleg styring i tenesteområdet, bruk av overtid vert brukt som bortforklaringar på budsjettoverskridingar, og me gøymer oss bak rekrutteringsvanskar.

## 5. Konsekvensar og sluttord

Vår graving førte til at det er sett i gang eit omfattande, politisk styrt arbeid med å gje dei ulike familiane eit verdig tilbod. Sentrale politikarar har offentleg orsaka kommunen sine handlingar, og samrøystes vedteke å auke dei økonomiske rammene for spesialomsorg.

Dette er heilt klart den mest omfattande saka eg har jobba med i løpet av mine 11 år som journalist. Dels er dette fordi det omfattar ein runddans med det kommunale byråkratiet som kan synast vanskeleg å skaffa seg overyn over, dels fordi Årdal kommune set ein sørgjeleg standard for korleis meiroffentlegheit vert praktisert.

Eg har opplevd at tenesteleiar for området ikkje svarar på ein einaste telefon eller epost gjennom heile dette forløpet og nektar å kommentera noko som helst overfor pressa.
Eg har opplevd at rådmannen gjer seg utilgjengeleg og stort sett har svart ingen kommentar uansett kva spørsmål eller førespurnad han har fått om intervju om saka.

Eg har også opplevd at tilsette i Årdal kommune unnlet å helsa eller spør meg direkte ”kvifor eg er ute etter å sverta arbeidsplassen deira” og ”kva eg personleg har imot rådmannen/ Årdal kommune.” Dette vitnar om at folk flest kanskje ikkje har nok kunnskap om kva som er pressa si rolle i samfunnet – eg har i alle fall mista talet på kor mange gonger eg har vist til VVP og punktet om at det er pressa si rett og plikt å beskytta einskildindivid mot overgrep og forsømmelse frå offentlege myndigheiter.

Utgangspunktet her var desse familiane og det dei har å fortelja – alt som har oppstått i ettertid er debatt rundt problemstillinga og ikkje minst, kommunen si slette og amatørmessige handtering av saka, spesielt eksternt. Manglande tenestetilbod er neppe uvanleg og det finst nok av dei som strir med sitt i kvardagen utan å gå til media med det.

I det nitide kjeldearbeidet har det har blitt mange heimebesøk, mange telefonsamtalar til nærast alle døgnets tider, epostkommunikasjon, facebookchat og sms-kommunikasjon, i tillegg til at eg har opplevd at lesarar engasjerer seg, snakkar om og diskuterer sakene i ulike fora.

Det siste  beviser at det nyttar å jobba hardt for å få saker fram i lyset, ikkje minst saker som lesarar kan identifisera seg med. Alle som har born kan sympatisera med desse familiane, sjølv om langt færre forstår kor vanskeleg det faktisk er å oppdra eit multihandicappa barn.

Sist, men ikkje minst, det faktum at Fylkesmannen opnar tilsyn og konkluderer med at Årdal kommune har gjort ein alt for dårleg jobb, vitnar om at Sogn Avis har gjort det rette i å bruka såpass mange ressursar, arbeidstimar og spaltemeter på ei sak som på denne.

Det går likevel ikkje an å få til utan at einskildpersonar som veit kvar skoen verkeleg trykkjer er viljuge til å ta den belastninga det er å stå fram på ein slik måte som desse familiane har gjort, all æra til desse foreldra. Utan dei hadde det ikkje vore mogleg å skriva ei einaste av desse sakene.

# Vedlegg 1: Logg

20.04.10:
Når kvardagen vert ein kamp
Familien Hunderi i Øvre Årdal fortel at dei har venta på ei avgjerd når det gjeld avlasting til den multihandicappa sonen Daniel (8) i over to år, og at dei er leie av brotne løfter. Dei har vedtak om avlasting annakvar helg, men får ikkje eingong halvparten av dette.

Har slite med rekrutteringa
Kommunalsjef Alf Olsen jr og tenesteleiar Kristiane Laberg nektar å kommentera nokon som helst anna enn at dei har slite med rekrutteringa. Dei stadfestar likevel at avlastingsbustaden stod klar i desember 2009.

21.04.10:
Graverande og alvorleg
Formannskapet fekk oppslaget dagen før midt i fleisen og gruppeleiar Hilmar Høl (Ap) karakteriserer oppslaget som graverande og alvorleg og forlangar svar frå rådmann Ingvar laberg.

22.04.10
Orkar ikkje meir kamp mot kommunen
Familien Hillestad fortel som over seks år med uvisse, rot og krangling med kommunen om eit forsvarleg avlastingstilbod til dottera Anita (16). Dei poengterer at Årdal kommune handterer Anita på ein glimrande måte i skulekvardagen, men at opplegg og tilbod fell frå kvarandre så snart skuledagen er over og spesialomsorg tek over. Varaordførar Marie Helene Brandsdal meiner kommune hatt nok til på å få organisert tilbodet.

24.04.10
Lei lesnad for Lægreid
Ordførar Arild Ingar Lægreid seier Årdal kommune ikkje alltid er gode nok, og at ein må prøva å bli betre. Han beklagar den behandlinga desse foreldra har fått.

26.04.10
Fylkesmannen opnar tilsynssak mot spesialomsorg i Årdal kommune på bakgrunn av medieomtale. Dette skriv fylkesmannen seinare i eit brev til familien Hunderi. (datert 3.7.10)

28.04.10
- Familiane er blitt lurte
Gruppeleiar i Ap, Hilmar Høl, seier det er flaut å lesa i avisa om korleis situasjonen er for desse familiane som ikkje får det tilbodet dei gjentekne gonger er blitt lova og som dei har krav på. Han viser til at politikarane har gjort ei rekkje tilleggsløyvingar både til personalressurar og kjøp av private tenester i andre kommunar. - Eg kan ikkje skjønna anna enn at eit tilvyn frå Fylkesmannen vil avdekka dårlg styring på innanfor dette tenesteområdet, seier Høl.

29.04.10
Små steg og store skilnader
Historia om Njål (12) er ei om store kontrastar mellom skulekvardagen på den eine sida og avlastingstilbofet foreldra aldri fekk på den andre. Anne Tandberg og Hassan Mangera er innflyttarar til Årdal og har lite nettverk rundt seg.
Dei fortel at tilbodet dei fekk om avlasting til den fysisk og psykisk utviklingshemma sonen var så uforutsigbart, kaotisk og lite gjennomtenkt at dei til slutt takka heilt nei.
Også dei peikar på kor godt sonen har det så lenge han er i skulesystemet med ressursar, personleg assistent og god tilrettelegging, og stiller spørjeteikn ved at Årdal kommune har så vanskeleg for å handtera dei same brukarane etter skuletid.

29.04.10
Små steg og store skilnader
Historia om Njål (12) er ei om store kontrastar mellom skulekvardagen på den eine sida og avlastingstilbofet foreldra aldri fekk på den andre. Anne Tandberg og Hassan Mangera er innflyttarar til Årdal og har lite nettverk rundt seg.
Dei fortel at tilbodet dei fekk om avlasting til den fysisk og psykisk utviklingshemma sonen var så uforutsigbart, kaotisk og lite gjennomtenkt at dei til slutt takka heilt nei.
Også dei peikar på kor godt sonen har det så lenge han er i skulesystemet med ressursar, personleg assistent og god tilrettelegging, og stiller spørjeteikn ved at Årdal kommune har så vanskeleg for å handtera dei same brukarane etter skuletid.

03.05.10
Folkevalde forlanga svar frå rådmannen
I kommunestyret tok representantar opp saka om spesialomsorg som Sogn Avis har reist og kritiserte rådmann Ingvar Laberg for manglande vilje til å ta lærdom av det familiane fortel. Siv Enerstvedt (SV) er kritisk til kommunen si handtering av saka i media og viser til at kommunalsjef og tenesteleiar stort sett svarar ingen kommentar når dei vert spurt om avlastingstilbodet.
Det er ikkje farleg å formidla at ein forstår at brukarar og foreldre er frustrerte i ein kvardag som er vanskeleg nok frå før, var hennar konklusjon.
Rådmann Ingvar Laberg nektar å kommentera saka i eit ope møte med pressa til stades.

06.06.10
Håpar kommunen lærer av Anne
Anne (23) er autist og hjelpetrengande 24 timar i døgnet. Faren Johan har over 20 års erfaring med Årdal kommune og tilbodet og fortel at opplegget rundt Anne kollapsa i 2008 fordi personalet sleit seg ut og vart sjukmelde. Også i 2006 kollapsa tilbodet rundt ein annan brukar i kommunen, også her på grunn av personalmangel. I begge tilfelle har kommunen måtta kjøpt tenester av ein privat aktør på Leikanger. Til saman har dette kosta kommunen netto nær 20 millionar dei siste fire åra. Johan Tungen håpar kommunen lærer av historia om Anne, slik at det ikkje gjentek seg.
Rådmann Ingvar Laberg vil ikkje kommentera saka, men seier det ikkje er alle slike situasjonar kommunen kan gardera seg mot.

08.05.10
Tenesteleiar går i strupen på folkevalde
leiar for spesialomsorg Kristian Elaberg skriv eit ope brev til formannskapet publisert gjennom nettstaden Porten.no, der ho går til frontalanrep på politikarar som har uttala seg i media utan å namngje nokon. Ho kjenner seg krenka og hevdar i tillegg at formannskapet har komme med nedlatande og uprofesjonelle utsegner i formannskapsmøter gjennom tre år. Ho rosar sin eigen innsats og oppfølgjinga ho har fått frå sine overordna, spesielt kommunalsjef Olsen og rådmann Laberg. (som er onkelen hennar, journ mrk.)
Kristiane Laberg nektar å snakka med Sogn Avis om saka.
Rådmann Ingvar Laberg nektar å kommentera noko som helst.
- Dette er ikkje bra
Ordførar Arild Ingar Lægreid omtalar det som særs spesielt at ein tenesteleiar går ut på denne måten. Formannskapsmedlemmar kjenner seg ikkje att i uttalen. Anne Kauppi (Ap) trur brevet frå tenesteleiaren må vera eit rop om hjelp.

10.05.10
Sleit med å sikra bemanninga (av Jan Egil Fimreite)
Rådmann Ingvar Laberg har sendt ut eit notat som oppsummerer tenestetilbodet i spesialomsorg og viser spesielt til at sjukefråværet har gått ned. Han skriv at kommunen har arbeidd med å kvalitetssikra tenestane og sikra ei stabil bemanning.

15.05.10
Folkevalde snudde tvert
Full forvirring etter lukka hastemøte. Ordførar kallar inn til formannskapsmøte med få timars varsel. Her vedtek dei folkevalde ei pressemelding (!), der dei beklagar at tenesteleiar og rådmann vert utsett for kritikk i media. Formannskapet tek også avstand frå ein leiar i Sogn Avis der det mellom anna vert peika på dei nære slektsbanda mellom tenesteleiar Laberg og rådmann Laberg. Framlegget til vedtak og pressemelding er forfatta av rådmann Ingvar Laberg.

Ber familiane om orsaking
Ap-medlemmane i formannskapet innser straks etter møtet, som fann stad dagen før Kristi Himmelfartsdag, at pressemeldinga var ein tabbe. Hilmar Høl seier han har motteke kraftige reaksjonar frå foreldre som kjenner seg stempla som løgnarar av politikarane. Høl og formannskapet legg seg flate og ber familiane som har stått fram i Sogn Avis audmjukt om orsaking og lovar å ordna opp. Samstundes poengterer dei at det er flott at Sogn Avis set fokus på saka.

18.05.10
Rørt over responsen
Familiane Hunderi og Hillestad seier dei er rørt over responsen dei har fått frå fleire hald etter at dei stod fram i avisa og fortalde sine historiar. Samstundes gjer dei det klart at dei aksepterer unnskyldninga frå dei folkevalde.

19.05.10
Stiller strenge krav til Laberg
Formannskapet i Årdal krev at rådmann Laberg ryddar opp i avlastingstilbodet innan møtet den 8.juni. Familiane er til stades under møtet, og seier dei oppfattar vedtaket som eit ultimatum. Rådmann Ingvar Laberg nektar å kommentera saka til Sogn Avis.

22.05.10
Tvil om rådmannen sin habilitet
Frå fleire hald, mellom anna lesarinnlegg frå tilsette og frå familiane som har stått fram, vert det sådd tvil om rådmann Laberg sin habilitet i saka grunna dei tette slektsforholda han har til tenesteleiaren for spesialomsorg. I følgje forfaltningslova §6 andre ledd er det klart at det føreligg særeigne forhold som er eigna til å svekkja tilliten, dette stadfestar både Frank Aarebrot og seniorrådgjevar Kjersti Bjørgo i kommunal- og regionaldepartementet.
Foreldra forlangar setterådmann, medan Ingvar Laberg sjølv nektar å kommentera saka.

27.05.10
Laberg erklærer seg ugild
Rådmann Ingvar Laberg seier han heile tida har vore så klar over sin eigen ugildskap i saka som omfattar handteringa av det opne brevet frå tenesteleiar Kristiane Laberg, at han har gløymt å signalisera dette ordentleg utad. Årdal kommune melder om at dei no søkjer råd om korleis dei skal handtera saka om det opne brevet, som dei no, etter samråd med hovudvernombod, velgjer å sjå på som ei varslingssak. Det må ein setterådmann til for å avgjera denne saka.

29.05.10
- Ingen skal kunne straffast for varsling
Verneombod Steinr Drægni meiner brevet frå tenesteleiaren må sjåast som ei varslingssak, trass i at det ikkje følgjer nokon av kommunen sine varslingsrutinar. Han gjer det klart at ingen kan straffast for å ha komme med ei varsling om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Drægni arbeider som frilansjournalist for den same nettstaden som publiserte det opne brevet. Han seier politikarane må oppføra seg. Journ mrk: Dette står i sterk kontrast til tilsette som har skrive anonyme lesarbrev til Sogn Avis ved minst tre høve, der det vert peika på at det ikkje er likskap for lova med omsyn til nettopp dette. Ingen av dei torer å stå fram med fullt namn av frykt for å bli kalla inn på teppet til tenesteleiaren, som dei meiner er beskytta av rådmannen, onkelen hennar.

05.06.10
Formannskapet forventar svar
Dei folkevalde har gjeve rådmannen frist til 8.juni med å legga fram ein plan for korleis avlastingstilbodet skal gjennomførast. Møtet kan bli utsett grunna streiken som rådkar Årdal kommune. Rådmannen seier at han ikkje kjenner seg att i at det skal vera stilt noko ultimatum frå dei folkevalde si side og vil ikkje uttala seg om kva han har tenkt å gjera med tilbodet.

17.06.10
Formannskapet kasta ut foreldra
Då møtet endeleg skulle avhaldast, var rådmannen sitt notat til formannskapet om avlastingstilbodet unnateke offentlegheit avdi dei tre brukarane var lette å identifisera. Sogn Avis insisterte på at kommunen bad foreldra om innsyn i notatet, noko alle gav sitt skriftlege samtykke til, då dei meiner allmenta har krav på å vita korleis kommunen vil organsiera tilbodet.
Likevel valde dei folkevalde å lukka møtet, noko som førte til at foreldra som hadde møtt fram vart kasta på dør saman med pressa. Førstekonsulent for helse, sosial og justis hå Fylkesmannen, Arnt Erik Nordheim uttala at kommunen ikkje var pålagd å lukka møtet, slik administrasjonen hevda.

19.06.10
Leiger inn vikarbyrå til avlastingstilbodet
I notatet frå rådmannen går det fram at eit vikarbyrå skulle bli ei mellombels løysing på bemanningsproblemet i avlastingstilbodet. Sogn Avis avdekka også at både politikarar og foreldre var feilinformert i notatet, der det vart hevda at minst ein av brukarane alt hadde eit tilbod. Foreldra til brukaren avkrefta dette på det sterkaste.

Setterådmann inn i saka
Rådmannen i Eidsvoll kommune går inn som setterådmann for å handtera saka om det opne brevet frå tenesteleiar Kristiane Laberg ettersom rådmann Laberg og heile hans administrasjon er ugild. Ordførar Lægreid opplyser at dei har leita etter setterådmann i heile regionen, men at dei ikkje har lukkast med å få nokon til å ta saka.

29.06.10
La ut sensitive opplysningar i offentleg postjournal
Sogn Avis avdekkar at all den tid administrasjonen freista å unndra notat frå rådmannen vedrørande avlastingstilbodet for offentlegheit, låg sensitive skriv ute på postjournalen til kommunen, fritt tilgjengeleg. Skrivet var stila til Fylkesmannen, og innheldt detaljerte opplysingar om kvar av dei tre brukarane, mellom anna kva foreldra får i omsorgsløn og praktiske utfordringar som gjaldt kvar einslikd brukar. Brevet hadde lege ute i over ei veke, og vart ikkje fjerna før foreldre vart oppringt av Sogn Avis vedrørande saka.
Fylkesmannen sin førstekonsulent slo fast at brot på teieplikt er straffbart. Foreldrene klaga kommunen inn for fylkesmannen for dette og fekk seinare medhald.

01.07.10
Inga løysing med vikarbyrå
Årdal kommune må sjå seg om etter anre løysingar etter at vikarbyrået som skulle løysa utfordringane trekte seg frå forhandlingane.

06.07.10
Fylkesmannen støttar familiane
resultatet av tilsynssaka ligg føre, og er klinkande klar. Årdal kommune har ikkje hatt god nok styring på avlastingstilbodet. Fylkesmannen brukar formuleringar som svak styring av prosjekt, og meiner det har teke for lang tid. - Årdal kommune kjende brukarane og deira behov og det bure såleis ikkje by på vesentleg eproblem å planleggja slik at avlastingsbustaden vart teken i bruk sommaren 2009, er konklusjonen.
Rådmann Laberg og kommunalsjef Alf Olsen jr har ferie, så fungerande rådmann, kommunalsjef Svein A. Grindhaug må gå ut i allmenta og legga seg flat for kritikken frå Fylkesmannen.
Fylkesmannen gjev kommunen frist til 25.august for å leggja fram ein plan for korleis dei vil løysa problemet med avlastinga.

Frikjenner formannskapet
Setterådmann Oddvar Hansveen frå Eidsvoll kommune slår fast at det mykje omtala opne brevet frå tensteleiaren ikkje er å sjå på som ei varslingssak. Han konkluderer med at Laberg sin kritikk av einskildpolitikarar sine utsegner og kritikk av spesialomsorg ikkje representerer ei varsling slik Arbeidsmiljølova tolkar det, og at det ikkje er snakk om straffbare eller lovstridige forold. Hans vrdering er at politikarane sine utsegner i media ligg godt innanfor rammene av det som kan kallast den ordinære politiske debatten.
Gruppeleiar Hilmar Høl konstaterer at politikarar må få uttrykka seg på ein måte som folk forstår. Ordførar Lægreid seier politikarar må ha høve til å bruka eit anna språk enn administrasjonen og konstaterer at det er ei grei avklaring.

10.07.10
Letta over å bli høyrt
Familien Hunderi seier dei er letta over å bli høyrt av Fylkesmanne og snakkar om kor stor ei belastning saka har vore. Dei vonar konnunen vil ta lærdom av saka og at avlastingstilbodet snart er oppe og gå.

30.08.10
Avlastingstilbod på plass innan fristen
Kommunalsjef Alf Olsen jr seier tilbodet vil vera oppe å gå frå 1.september etter at kommunen har brukt sommaren på å rekruttera personale. Han seier han ikkje var overraska over konklusjonen til Fylkesmannen, ettersom han visste at tilbodet var for dårleg.

31.08.10
Stor oppslutnad om spesialomsorg
I april skreiv avdelingsleiarar under på eit brev ført i pennen av kommunalsjef Grindhaug, underteikna av Fagforbundet, hovudvernombod og tenesteleiar, at dei frykta den einsidig negative omtalen i media ville få fatale konsekvensar for rekrutteringa til tenesteområdet. Dei skreiv også at det var denne framstillinga i media som skapte uvisse, dårleg arbeidsmiljø og øydelagde for rekrutteringa. Dette viser seg å ikkje halda stikk, ettersom det i løpet av sommaren har meldt seg 27 søkjarar til to ledige stillingar i spesialomsorg.

01.09.10
- Bør be familiane om orsaking
Hilmar Høl er klar på at rådmannen og administrasjonen må be foreldra audmjukt for den belastninga dei er blitt påført som fylgjer av at administrasjonen ikkje har gjort jobben sin. Båe Høl go partifeller rosar familiane for å ha stått fram i media og gjort dei merksame på det manglande tenestetilbodet.

# Når kvardagen v

## Kjenner seg overkøyrde

**ÅRDAL: I to år har familien Hunderi venta på avlastingstilbodet dei har krav på. Brotne lovnader frå Årdal kommune har blitt ein del av kvardagen, og no er Nina (33) og Rune (37) slitne av å kjempa.**

I det heile har mykje av livet vore ein tilsynelatande endelaus kamp sidan Daniel kom til verda for litt over åtte år sidan med alvorlege fysiske og psykiske handicap. Somme tider er det ein kamp for å kunne sjå dei minste framsteg i utviklinga, andre tider ein regelrett kamp mot klokka, for livet.

### 250 døgn på sjukehus

– Dei første par åra var han sjuk meir eller mindre konstant, me hadde nok 250 døgn på sjukehus, anten det var akutt eller for å får han testa og undersøkt på alle moglege måtar. Då han skulle byrja i barnehagen halvanna år gamal, var det vanskeleg å senda han dit. Me hadde jo gjenoppliva han så mange gonger, han har vore sendt til sjukehus med ambulanse og helikopter fleire gonger enn me har tal på, fortel mamma Nina Framstad Helle Hunderi (33).

### Utsett og utsett

Dei seinare åra har Daniel vore hjå avlastingsfamilie kvar tredje helg og dessutan to heile veker i året. Dette var ei ordning dei seier fungerte fantastisk flott heilt fram til august 2008, då avlastingsfamilien hadde varsla at dei ville seia opp.

Meininga var at Daniel skulle verta ein del av ei ordning rundt den nye avlastingsbustaden for born, som skulle stå ferdig i mars 2009, og avlastingsfamilien som hadde hatt Daniel hjå seg let seg overtala til å halda fram til dette tidspunktet. Men då mars 2009 kom, var opninga av avlastingsbustaden utsett til mai same året. Heller ikkje det vart noko av.

### Utsett igjen

– 29. mai i fjor var me på eit møte med leiar for spesialomsorg. Då sa dei at det skulle opna i september. Det er eit ganske langt tidsrom i forhold til at det står i individuell plan for Daniel, som er utarbeidd mellom anna i samarbeid med leiar for spesialomsorg, at me skal ha avlasting annankvar helg frå januar 2008, seier pappa Rune (37).

Avlastingsfamilien heldt fram med den ordninga som var med kvar tredje helg fram til august i fjor.

### Helvetesveka

Mormor til Daniel, Elin, som har fungert som akuttavlastar sidan 2005, gjekk då inn og tok over etter avlastingsfamilien. Men ho er sjølv i full jobb innan for spesialomsorg og Nina og Rune har opplevd at avlasting ikkje er mogleg å få til grunna personalsituasjonen på mormor sin arbeidsplass.

– Me hadde eit tilfelle her i haust der me hadde ei helvetesveke på Haukeland, bokstaveleg tala, han hylte i eitt frå sju om morgonen til fem om ettermiddagen fordi behandlinga var svært belastande for han. Me var utslitne og ringde om at me berre måtte få eit pusterom, men avdelingsleiar i den verna bustaden der mormor jobbar, greidde ikkje å finna avløysing, fortel dei.

### Stiller opp for Daniel

– Seinare var det kollegaer der som fortalde at dei godt kunne ha steppa inn for mormor den helga, men at dei ikkje var blitt spurt. Det har blitt til at mormor er avlastar for Daniel i frihelgane sine i staden, men me føler ikkje at det er godt nok. Mormor har også bruk for å berre vera mormor innimellom, seier Nina.

Sidan januar har avlastinga vore delt mellom mormor, ein

**Dette er Daniel:**



- Daniel Helle Hunderi er fødd i mars 2002 med ein særs alvorleg grad av psykisk utviklingshemming.
- Han er rørslehemma, han har ikkje språk og er i følgje foreldra sine på eit mentalt og motorisk stadium som tilsvarar ein eittåring.
- I tillegg har Daniel cerebral parese, skoliose og ei livstrugande form for epilepsi.
- Han har dessutan hypoglykemi, ein sjukdom som gjer at kroppen ikkje regulerer insulinet på vanleg måte.
- Daniel likar å ri og bade, og han elskar musikk, spesielt Kurt Nilsen og Bjørn Eidsvåg.
- Han bur i Utladalen i Øvre Årdal saman med foreldra sine, veslebroren Heine (4) og border collien Nico.

## Krev svar

støttekontakt og den tidlegare avlastingsfamilien som har stilt opp for Daniel, men i mars måtte støttekontakten, som er uføretrygda, seia takk for seg.

### Tilsyn døgnet rundt

I brevet frå kommunen i mai 2009 står det at avlastingsbustaden er klar, men det manglar å møblera. Resten av året gjekk med til ein diskusjon om bemanninga i bustaden.

Foreldra er klare på at Daniel treng tilsyn og hjelp 24 timar i døgnet, det er også det kommunen per i dag løner personale for, inkludert assistentar på skulen, avlasting, støttekontakt og den omsorgsløna foreldra tek imot.

### Komplisert turnus

– Kommunen har heile tida sagt at det skal vera 2-1-bemanning på Daniel, altså at det er to personar som jobbar til ei kvar tid. Me har hatt møter med leiar for spesialomsorg, Kristiane Laberg, der dette er blitt sagt. I eit brev datert 10.9.2009 står det mellom anna at det skal utarbeidast eigen turnusplan for bustaden, at det er komplisert og tek tid. «Me har danna oss ei oversikt over ressursane og kor mykje med treng av personale. Det er lagt opp til 2-1-bemanning for å sikra naudsynte pausar, heiter det.

### – Stol på oss

– Men så får me plutseleg beskjed frå mor mi, som har fått høyra frå konsulent for funksjonshemma, at det blir 1-1-bemanning på treskiftsordning, fortel Nina, som tykkjer det er uhøyrt at dei i det heile tatt skal få desse opplysningane via tredjeperson på den måten.

– Eg sende ein mail til konsulenten og bad om ei forklaring, det fekk eg. Det står at det ikkje er arbeid belastande nok til å vera to personar. «Det er viktig at dere stoler på at vi gjør jobben vår. (…) Dere er viktige personar i oppstartsfasen, men det er som sagt vår job å gjøre dette, og det er viktig at dere stoler på dette, skriv konsulent for funksjonshemma, Ellen Høgberg.

Men det er nett det foreldra ikkje gjer.

### Kan bli kvelt

– No vil kommunen likevel ha spesialisterklæring på at Daniel er så pleietrengande som han er, og dei meiner tilsynelatande at det er vår oppgåve å skaffa denne dokumentasjonen, seier Rune.

– Dei gongene Daniel frå epileptiske anfall er hui og hast med ambulanse og innlegging på sjukehus i ni av ti tilfelle. Me hadde eit tilfelle på skulen for nokre veker sidan, der me heldt på å mista han, då fekk me igjen erfara kor viktig den

## Treng tid



**LEI AV Å KJEMPA:** *– Dette handlar også om at me skal få tid til å vera saman*

akuttberedskapen er for oss her i Sogn. Daniel har også problem med refleksane i svelget, det gjer til dømes at han kan bli kvelt i sitt eige oppkast. Han er tung å løfta og me veit jo etter alle desse åra at me ofte må vera to, seier foreldra, som via telefonisk kontakt med ein kommunalsjef fekk greie på at saka skulle opp for dei folkevalde 9. februar.

### Venta på vedtak

– Den 23. februar skreiv me ein e-post om at me sakna informasjon om vedtaket, men eg fekk ikkje noko svar før 17. mars. Då kom det ein e-post om at me hadde fått innvilga det me bad om og at vedtaket ville bli ettersendt, fortel foreldra, som meiner dette er eit døme på at kommunen ikkje følgjer reglementet som tilseier at klagar skal ha skriftleg orientering om vedtaket innanfor tre veker. Vedtaket kom nemleg aldri.

### Gjekk til ordføraren

Ikkje før Nina spurde ordførar Lægreid personleg under eit møte i Årdal Ap i mars, der ho er styremedlem. Enden på visa vart at Nina og Rune hadde eit møte med ordføraren 12. april, der han personleg overrekte vedtaket skriftleg. Der stod det mellom anna at det dei skulle få avlasting annan kvar helg frå

# ert ein kamp



med veslebror Heine (4). Me treng tid til å henta oss inn att, slik at me kan yta maks når Daniel (8) er heime, seier mamma Nina Framstad Helle Hunderi (33) og pappa Rune Hunderi (37).

1. mai og at formannskapet hadde sett av 150.000 kroner ekstra til dette føremålet.

Det vart avtalt eit nytt møte sist fredag med resten av kommuneleiinga for å gå gjennom saka.

## Krev svar

– Eg kjende ikkje at det var nokon vilje til å lytta. Rådmannen var ikkje interessert i historikken rundt dette, og dei opplevingane me har hatt i samband med denne prosessen. Han vil berre sjå framover, sa han. Men det er ikkje godt nok for oss, me vil ha svar på kvifor dei byrja å lysa etter folk i desember 2009, åtte månader etter den planlagde opninga. Dei sa me snakka som om me var advokatar og at me måtte roa oss ned og lata folk gjera jobben sin.

## Veslebror er taparen

– Men kva skal me gjera? Det er sonen vår det er snakk om her, seier to fortvila og frustrerte foreldre.

– Og me har ein fireåring som kvar einaste dag er den tapande parten her. Det er alltid han som må venta, venta, venta fordi broren skal, broren må, broren treng. Dette handlar også om at me får tid til å vera saman med han, me treng tid til å henta oss inn att, slik at me kan yta maks når Daniel er heime, seier dei.

## Har tillit til tilsette

Godt over eitt år etter at avlastingsbustaden skulle opnast, har familien no fått beskjed om at det vil skje om knappe to veker, frå byrjinga av mai, men då kvar tredje helg.

– Eg har all tillit til dei folka som er tilsett i bustaden, eg trur det er flinke oppegåande folk som vil det beste, men dei må ha skikkeleg opplæring. Ein sjukepleiar er tilsett som fagkonsulent og skal stå for opplæring av resten av personalet, men denne personen kjenner ikkje Daniel særleg godt og det er berre sett av fire ettermiddag til opplæring. Er det nokon som skal læra opp nokon, må det vel vera meg og mor, men me er ikkje blitt spurt om å bidra, seier Rune.

## Suverent på skulen

Både Nina og Rune poengterer at ikkje alt samarbeid med Årdal kommune har vore prega av frustrasjonar og peikar på tilrettelegginga i barnehagen og på skulen.

– Den einaste kampen me aldri har måtta teke for Daniel er med barnehage og skule, og det me fekk var ti gonger meir enn me hadde våga å drøyma om. Daniel blir ivareteken på alle måtar, dei ordnar med bading og riding og aktivitetar, integreringa med andre born er fantastisk.

## Vil krevja gransking

– Her er me blitt lytta til, tekne med på råd. Det blir ikkje lova noko som ikkje vert halde. Dei er dyktige og ærlege og dei stiller spørsmål om kva som er best for Daniel, understrekar dei, som no vil gå til Fylkesmannen og krevja ei full gransking av spesialomsorg i Årdal kommune.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



**PERSONVERN:** *Av omsyn til personvernet vil ikkje leiar for spesialomsorg, Kristiane Laberg, og kommunalsjel Alf Olsen jr. kommentera spørsmål i samband med avlastingsbustaden.*

# Har slite med rekrutteringa

## Ingen kommentar

**ÅRDAL: Årdal kommune vil av omsyn til personvernet ikkje kommentera spørsmål om avlastingsbustaden.**

Det understrekar kommunalsjef Alf Olsen jr.

– Det er ein medviten politikk frå Årdal kommune si side at me ikkje vil kommentera einskildsaker, seier han.

### Ferdig i desember

*– Kan de seia noko om når avlastingsbustaden var ferdigstilt?*

– Det vil me ikkje kommentera spesifikt, seier Alf Olsen jr, medan leiar for spesialomsorg Kristiane Laberg opplyser om at ny verna bustad var innflyttingsklar i desember 2009.

*– I eit brev foreldra til Daniel har fått frå Årdal kommune datert mai 2009 står det at avlastingsbustaden er klar, men at det manglar å møblera, samt at ergoterapi skal kartleggja kva utstyr som er naudsynt. Stemmer dette?*

## La om turnus

– Det stemmer at ny verna bustad var innflyttingsklar i desember 2009.

### I grenseland

*– Men er det ikkje mogleg å svara på kvifor ikkje bustaden var klar til bruk i september 2009, slik foreldra fekk opplyst?*

– Du spør heile tida om denne spesifikke saka, du har fått svar om at det opna i desember 2009. Å snakka om denne bustaden er i grenseland i forhold til personvernet. Det me kan seia på generelt grunnlag er at dette er ting som tek tid. Det skal lysast ut etter folk, det skal gjennomførast intervju, det skal tilbydast stillingar og det skal takkast anten ja eller nei. Ei normal oppseiingstid for ein person er tre månader, så normal rekruttering vil ta eit halvt års tid før alt er på plass.

### Omfattande kabal

– Me har ein omfattande rekrutteringskabal innanfor spesialomsorg, samstundes som det skjer endringar i tenestene våre og tilpasning av dette. Mellom anna har det skjedd omleggingar knytt opp mot budsjettprosessane i fjor, som førte til at me måtte sjå på korleis me organiserer ting på ein ny måte seier Alf Olsen jr.

*– Foreldra til Daniel hevdar dei var lova at tilbodet skulle stå klart i mars, sidan i mai, deretter i september 2009. Stemmer det som det vert hevda at det ikkje vart lyst etter folk før i desember 2009?*

– Det me kan seia på generelt grunnlag er at verna bustad vart ferdigstilt i desember 2009. I forkant var det ein omfattande vurdering av turnusane våre og korleis me skulle organisera dette. Det har utgangspunkt i historikken her og det at me over tid har hatt ustabilitet over tenestene.

### Redusert sjukefråvere

– Me har slite med å rekruttera folk. Som eit forsøk la me om turnusane til lenger vakter, noko som har betra rekrutteringa. Dette har gjeve langt betre stabilitet, sjukefråveret har gått veldig sterkt nedover. Dette har styrkja tenestene våre, seier kommunalsjef Olsen.

### Ro og stabilitet

Han legg elles til at verna bustad er ein bustad for fleire brukarar med samansett behov.

– Eit særtrekk for brukargruppa er at dei er vare for endringar, det er viktig med stabilitet og ro rundt brukarane. Det betyr at mest mogleg må vera på plass, også møblar og andre tekniske detaljar, før ein gjennomfører store flytteprosessar som i dette tilfellet.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

## Lågt sjukefråvere



**NY VERNA BUSTAD:** *Vart opna og var innflyttingsklar i desember 2009.*

**Fakta:**

**Spesialomsorg i Årdal kommune**

- Yter tenester til funksjons- og utviklingshemma samt personar med ulike psykiske lidingar.
- Spesialomsorg har til saman 100 tilsette fordelt på 77,61 årsverk.
- Budsjetterer i 2010 med utgifter for 62,9 millionar kroner og 22 millionar kroner i inntekter.
- Har 18 brukarar under heildøgns omsorg og ni brukarar til avlasting.
- Totalt 15 personar får utbetalt omsorgsløn frå Årdal kommun under spesialomsorg.





**UTFORDRAR FYLKESMANNEN:** *Rådmann Ingvar Laberg sa til Hilmar Høl og formannskapet at han har oppmoda Fylkesmannen om å ta eit initiativ i forhold til å sjå på saka som kom fram i Sogn Avis i går.*

# – Graverande og alvorleg

## Må gripa inn

## Rådmann utfordrar Fylkesmannen

**ÅRDAL: – Det må vera historikk innanfor området som tilseier at me må gripa inn reint politisk i forhold til det som skjer i spesialomsorg.**

Det sa gruppeleiar Hilmar Høl (Ap) då formannskapet i Årdal var samla til møte tysdag. Bakgrunnen var Sogn Avis sin omtale av saka om vesle Daniel (8) og foreldra hans, som opplever at kommunen lovar og lyg med omsyn til avlastingstilbodet dei er lova.

### Fastlåst situasjon

I formannskapet forlangte Hilmar Høl ei utgreiing frå rådmann Ingvar Laberg i forhold til dei opplysningane som kom fram i artikkelen.

– No sit me i eit ope møte, og eg går ikkje inn i detaljane. Skal eg det, må det vera i ein annan samanheng, sa rådmannen, som likevel stadfesta at han sjølv og ordførar Arild Ingar Lægreid deltok i eit møte med dei to foreldra sist fredag.

– Når rådmannen gjer det, er det for å prøva å undersøkja om det går an å finna ein veg ut av ein situasjon som for meg verka låst. Møtet stadfesta for meg at situasjonen er nettopp det.

– Frå mi side vart det gjeve råd om at det som måtte liggja føre av klage og misnøye over det som har skjedd bakover i tid, vart fremja i ei klagesak til Fylkesmannen, slik ein bør gjera og slik at ein får ein gjennomgang, sa Ingvar Laberg til formannskapet.

### Møte

Han la til at det hadde funne stad eit møte mellom rådmann og spesialomsorg måndag morgon, der det vart konstatert at det per i dag ikkje er mogleg å løfta denne kommunikasjonen ut av det sporet han er kommen inn på.

– Eit initiativ eg har teke i forhold til Fylkesmannen går på å utfordra på korleis dette embetet kan komma inn og sjå på historikken her, altså i ein klagesamanheng. Fylkesmannen har to måtar å gjera dette på, han kan venta på ein klage som då må komma frå desse foreldra.

### Oppmodar om tilsyn

– Men han kan også, utifrå den hendinga som er eksponert i media i dag, ta eige initiativ til å gå gjennom saksframstillinga. Eg har oppmoda Fylkesmannen om å bruka den siste varianten og sagt at vårt apparat står til disposisjon for ei slik gjennomgang. Eg håpar dette kan komma i gang fortast mogleg. Det er det eg har å seia om denne saka i eit ope møte, sa Laberg.

### Må gripa inn

– Den handlingsplanen i forhold til å løysa ei konflikt høyrest grei ut, men det å få fram kva som har skjedd her er viktig, meinte Hilmar Høl.

– Det må jo vera historikk innanfor området som seier at me må gripa inn reint politisk i forhold til det som skjer i spesialomsorg. Det er sopass graverande og alvorleg for det tenestenivået me har her i kommunen at eg vil vita meir om dette, sa han.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

# Nøgde med ny verna bustad

**ÅRDAL:** Årdal kommune har investert vel 18 millionar kroner i nye verna bustad og seier seg godt nøgde med resultatet.



**FERDIG I 09:** *Nye verna bustad vart overlevert kommunen i juni 2009 og var innflyttingsklart i desember. Likevel ventar fleire foreldre i bygda framleis på avlastingstilbodet dei er lova av Årdal kommune.*

– Det har svara til forventingane, det er styrt med ei veldig god hand og ein kom i mål på ein måte som det absolutt er grunn til å melda tilbake til dei ansvarlege om at det er vel utført jobb, slo John Normann Melheim (Ap) fast.

### Vil høyra brukarane

Sluttrapporten dei folkevalde fekk lagt fram handlar om den tekniske og økonomiske utføringa av byggjeprosjektet. Her går det fram at kommunen overtok bygget i juni 2009.

– Men ein kunne kanskje tenkt seg å få med i ein sluttrapport korleis prosjektet stettar intensjonane i forhold til dei representantane for kommunen som skal drifta dette og ikkje minst, representantar for brukarane, sa Melheim.

### Stettar eit behov

– Om ein vektlegg det tekniske og økonomiske, handlar det også her om at ein skal oppnå eit mål og stetta eit behov i forhold til dei som er brukarar, la han til, og peika på at ein fekk ei betre og meir rasjonell løysing ved å samla fleire brukarar under eitt tak.

Marie Helene Hollevik Brandsdal var samd.

– Her går det fram at det var tett dialog mellom arkitekt og dei som skal jobba i bustaden i planleggingsfasen. Til lærdom tenkjer eg at den brukarmedverknaden er særs viktig og det at dei er med frå byrjinga av eit slikt stort prosjekt. Eg vil at administrasjonen tek dette med vidare og at me bruker dei pårørande som den ressursen dei er, sa ho.



# Lei lesnad for Lægreid

## ■■ Fortvila foreldre ■■ Kritikk mot kommunen



**LEI LESNAD:** *Ordførar Arild Ingar Lægreid i Årdal seier han tykkjer det er leitt å lesa om dei opplevingane fleire familiar har hatt i møte med spesialomsorg i kommunen, og at han ser fram til at Fylkesmannen granskar saka.*

**ÅRDAL: Ordførar Arild Ingar Lægreid seier han set si lit til at Fylkesmannen granskar Årdal kommune og spesialomsorg, og ser fram til at det vert gjort.**

Denne veka har to familiar stått fram i Sogn Avis og fortalt om vanskane dei opplever med leiinga i spesialomsorg og avlastingstilbodet i nye verna bustad som ikkje er på plass. Begge familiane seier dei har gått direkte til ordføraren, og opplevd at ting har blitt lettare, men meiner det er heilt feil at dei må gå heilt til topps for å bli høyrde.

### Ynskjer å bidra

Ordførar Arild Ingar Lægreid seier han tek imot alle som ynskjer å snakka med han, og at han ynskjer å bidra til å løysa dei utfordringane familiane har stått overfor i fleire år.

– Det gjer eg ved å kontakta rådmannen, det er slik eg kan vera med på å løysa slike ting. Det er kanskje viktig for kommunen at me får sett fokus på desse problema. Me prøver så godt me kan, men me kan nok alltid gjera ting betre, seier Lægreid.

### Skal ikkje skje

Eit døme på det er kanskje det at ekteparet Hunderi fåfengd venta på vedtaket frå formannskapet, som handsama saka deira 9. februar. Det enda med at dei fekk overlevert vedtaket av ordføraren personleg i eit møte måndag 12. april.

– Eg må berre beklaga på det sterkaste dersom det har gått føre seg på ein slik måte, seier ordføraren.

– Slikt skal ikkje skje, me har veldig klare rutinar på at vedtak skal tilsendast frå kommunen innan ei viss tid etter at dei er fatta, seier han.

### Vil ha svar

Ordføraren seier han tykkjer det er leitt å lesa om dei opplevingane dei to familiane har hatt i møte med hjelpeapparatet, og at han ser fram til at Fylkesmannen granskar saka.

– Dette er ei historie eg no set mi lit til at Fylkesman-nen går gjennom, slik at me kan få svar på om me har gjort noko gale her. Me kan jo ikkje granska oss sjølve. Så får me sjå kva Fylkesmannen seier. Eg kan ikkje forskotera noko, men eg ser fram til at det vert gjort, seier Lægreid.

### Kan ikkje svara

Han understrekar at kommunen ynskjer å yta så godt som råd innanfor alle felt.

– Men det er ikkje alltid me er gode nok. Me prøver å leggja til rette, og eg har stor tru på at nye verna bustad vil gjera at me greier å yta gode tenester, seier ordføraren, som heller ikkje er i stand til å gje foreldra svar på kvifor det har teke så lang tid å få avlastingsbustaden til å fungera.

*– Kvifor tek det så lang tid å få dette opp å gå?*

– Me ynskjer å få på plass tilbodet i ny verna bustad så snart det let seg gjera. Det er ikkje noko god sak for Årdal kommune at folk er misnøgde. Me legg oss i selen for å prøva retta på det me kan retta på. Eg stolar på at rådmannen gjer det han kan, seier Lægreid.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



Sogn Avis
Tysdag
Fortvila foreldre får ikkje svar
■■ Kommunen lovar og lyg ■■ Har venta i over to år

**FAKSIMILE:** Sogn Avis 20. april.



■■ Kritikk mot spesialomsorg ■■
– Graverande og alvorleg
■■ Må gripa inn ■■ Rådmann utfordrar Fylkesmannen
Nøgde med ny verna bustad

**FAKSIMILE:** Sogn Avis 21. april.



Sogn Avis
Torsdag
Har venta seks år på ei løysing
■■ Utan stabilt avlastingstilbod ■■ Uvisse og rot

**FAKSIMILE:** Sogn Avis 22. april.

# Foreldre vil ha svar

**ÅRDAL:** Rune Hunderi, pappa til Daniel (8), reagerer på at rådmann Ingvar Laberg framstiller det som om han har teke noko initiativ til å løysa konflikten.

På formannskapet sitt møte tysdag, kravde Hilmar Høl (Ap) ei utgreiing frå rådmannen i høve til Sogn Avis sitt oppslag om kampen ekteparet Hunderi har kjempa for å få eit forsvarleg avlastingstilbod til sonen Daniel.

### Fastlåst konflikt

Rådmannen stadfesta då at han hadde vore i møte med foreldra for å finna ut om det var mogleg å løysa konflikten.

– Når rådmannen gjer det, er det for å prøva å undersøkja om det går an å finna ein veg ut av situasjonen, som for meg verkar låst. Møtet stadfesta for meg at situasjonen er nettopp det, sa rådmann Ingvar Laberg.

### Foreldra kravde møte

Rune Hunderi seier både han og kona Nina reagerer på at rådmannen framstiller det som om det er administrasjonsleiinga som har teke initiativ til å løysa situasjonen.

– Det stemmer absolutt ikkje. For det fyrste var det me som foreldre som tok kontakt med ordføraren for å få klara opp i situasjonen, og det var ordførar Arild Ingar Lægreid som føreslo eit møte med rådmann og kommunalsjef Alf Olsen. Me som foreldre kravde at Olsen skulle stilla for å gjera greie for kvifor dette tek så lang tid, men han møtte ikkje opp. Me bad også om at ordførar tok del i møtet, presiserer Hunderi. Han har framleis ikkje fått svar på spørsmålet sitt.

# – Familiane er blitt lurte

**ÅRDAL: – Eg tykkjer det er flaut å lesa i media korleis situasjonen er for desse familiane som rett og slett ikkje får det tilbodet dei er blitt lova og som dei har krav på, seier gruppeleiar Hilmar Høl (Ap).**

**Dette er saka:**

- Prosjekt Nye verna bustad vart starta i 2001, men avbrote og starta på nytt fordi det vart for dyrt.
- I 2005 vart det vedteke å investera rundt 18 millionar i eit nytt bygg som vart overlevert i juni 2009.
- Administrasjonen hevdar i årsrapport for 09 at bustaden vart teke i bruk med to avlastingstilbod i fjor haust. Dette er stemmer ikkje.
- Dei to familiane har fortalt Sogn Avis at dei framleis ventar, og at dei er lova avlastingstilbod i den nye bustaden frå juni 2010.
- Spesialomsorg er saman med eldreomsorg er ein gjengangar på det kommunale budsjettet i høve til overforbruk. Personalmangel og overtidsbruk er oftast forklaringa.Sidan 2004 har det vore tilsett eller konsitutert til saman seks leiarar for spesialomsorg.

Han gremmest etter å ha lest i Sogn Avis sist veke om dei utfordringane to familiar med psykisk og fysisk utviklingshemma born har hatt med spesialomsorg.

## Forstår frustrasjonen

– Ambisjonane har frå dag ein vore å få på plass eit godt tilbod til desse brukarane, og det har aldri stått på politisk vilje, slår Høl fast, og viser til at dei folkevalde har gjort ei rekkje tilleggsløyvingar både i forhold til personalressursar, utstyr og i einskilde tilfelle, kjøp av private tenester i andre kommunar, seier Høl, og legg til at han forstår at familiane er forbanna.

– Eg forstår godt at desse foreldra er forbanna. I forhold til sakstilfanget her, er det nesten så eg vil påstå at dei er blitt lurte, seier han.

Mykje tyder på at familiane ikkje er dei einaste, for i årsrapport for Årdal kommune 2009, som vert lagt fram for kommunestyret i morgon, heiter det at «spesialomsorg tok hausten 09 i bruk ny verna bustad med plass til fire brukarar og to avlastingstilbod. Som ein lekk i dette vart det innført oljeturnus i bustaden. Dette har vore vellukka og vi ser at det har positive effektar for brukar, tilsette og drifta».

## Ventar framleis

I følgje tre familiar Sogn Avis har snakka med, kunne dette neppe vore lenger frå sanninga, for familiane ventar framleis på avlastingstilbodet sitt, trass i at dei fekk løfte om at det skulle komma på plass både i mai og september 2009, og seinast i mars 2010.

Høl meiner historiene desse familiane fortel viser at det er mangel på planar og oppfølging i forhold til dei målsetnadane og rammene politikarane har sett. Også han ser fram til at Fylkesmannen tek tak i saka.

– Eg kan ikkje skjøna anna enn at det då vil verta avdekkja dårleg styring innanfor dette tenesteområdet, eg kan ikkje forstå at det skal vera noko anna det står på. Det er også flaut å oppleva måten administrasjonen avfeidde spørsmåla i samband med desse familiane på. Det er tydeleg at nokon har feila i forhold til å gje folk eit tilbod utifrå den ramma som er sett politisk, og då er det berre å leggja seg flat, meiner Høl.



*FLAU LESNAD: Hilmar Høl tykkjer det er flaut å lesa at brukar ikkje får dei tenestene dei har krav på, og meiner dårleg styring innanfor tenesteområdet må vera årsaka.* (Arkiv)

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no





**BEST MED BALL:** *Ibrahim Yusuf Ahmed frå Somalia, som nyleg vart norsk statsborgar, har vore tilsett som assistent for Njål i snart to år. Han følgjer Njål overalt i skuletida. I tillegg har Njål sju tim*

# Små steg og store sk

## Stabilitet på skulen ■■ Tør ikkje flytta ■■ Gode vener

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Historia om Njål er ei om store kontrastar mellom skulekvardagen på den eine sida og avlastingstilbodet foreldra aldri fekk på den andre.**

Dei skil seg definitivt ut frå mengda på skuleplassen når dei kjem ruslande frå sin faste tur, dei to gode bussane Njål (12) og Ibrahim (44). Den høgreiste afrikanaren har eit godt grep om handa til vesle Njål, for han kan aldri vera lenger enn ei armlengd vekke så lenge sjetteklassingen helst vil gå sjølv.

### Rett i bakken

Det gjer han med små steg og ikkje så alt for ofte, for epilepsien gjer sitt til at rørslefeltet hans er avgrensa. Njål kan når som helst få eit anfall og gå rett i bakken.

– Han kan ikkje gå fritt, det er litt frustrerande for han. Han har fleire gonger slege seg kraftig i hovudet, knekt tenner og fått seg nokre skikkelege trøkkar. Det er det som er problemet, han må ha tilsyn heile tida, fortel foreldra.

### Ballspel og bading

Skuledagen byrjar ofte litt utpå dagen for Njål. Det kjem mykje an på dagsforma, og ikkje minst korleis natta har vore. Den sjeldne forma for epilepsi han har, gjer sitt til at hjernen jobbar på høggir det meste av tida, noko som ofte går ut over nattesøvnen hans.

– Me har eit eige rom der me brukar ein del tid, men me er også ein del saman med resten av klassen. Njål er veldig glad i musikk og elskar å bade, så det gjer me så ofte me kan når me ikkje jobbar med lekser og dei øvingane han har på dagsordenen. Elles har me gjerne tur og syslar med ballspel, noko han også set stor pris på, fortel Ibrahim.

### Eige initiativ

Mamma Anne og pappa Hassan på si side fortel at Njål er svært glad i Ibrahim og dei andre assistentane og seier dei kjenner seg trygge på at eldstesonen vert ivareteken på alle måtar.

### Høyrt av ordføraren

Dei har også berre godt å seia om det tilbodet Njål fekk i barnehagen, eit utviklingsprogram i regi av ein privat aktør, ein av landets fremste ekspertar på dette området, dei på eige initiativ fann fram til då oppfølginga frå barnerehabiliteringa under Helse Førde ikkje var tilfredsstillande .

– I utgangspunktet fekk me avslag, men me gjekk til ordføraren, det var han som opna døra for oss den gongen. Seinare var kommunen med på å halda fram med og stilte opp med ressursar, trass i at det var eit opplegg dei ikkje var så godt kjende med, og me har vore glade og takksame for dette. Det var medan det framleis var stort von for framtida hans, han var ein heilt annan den gongen. Det gjekk ikkje slik me hadde håpa, men me veit i alle fall at me har prøvd, seier Hassan.

### Tør ikkje flytta

– I det heile tatt har me opplevd at kommunen har stilt opp med det som er av ressursar i barnehagen og på skulen. Det har vore lagt til rette på alle måtar, og Njål har heile tida hatt folk rundt



ar med spesialpedagog kvar veke.

# ‹ilnader

eg som me føler verkeleg
bryr seg om han, det har
vore veldig stabilt, spesielt
dei seinare åra. Assisten-
tane kjenner Njål veldig
godt og han er trygg på dei,
er konklusjonen.
– Det har nok skjedd at
me har tenkt på å flytta
nærare familien, men me
har late vera fordi me er
redde for at han kanskje
ikkje vil få det tilbodet og
den oppfølginga som han
har på Tangen skule. Skul-
en er trass alt ein særs vikt-
g del av kvardagen hans,
slår Anne fast.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

**Dette er Njål:**



Njål kom til verda i september 1997, tre månader før termin. Få dagar gamal låg han på operasjonsbordet første gong. Diagnosen autisme fekk han fem år gamal. Då han var åtte vart det påvist Lennox-Gastout syndrom, ei sjeldan og komplisert form for epilepsi. Eitt år med feilmedisinering resulterte i drastiske åtferdsendringar. Før Njål fekk epilepsi hadde han språk og kunne dessutan lesa og skriva, dette er ferdigheiter som er blitt sterkt redusert dei seinare åra. Epilepsien gjer at han må ha tilsyn 24 timar i døgnet. Njål går i sjette klasse ved Tangen skule. Han bur i Vikadalen saman med foreldra sine, veslebror Edward (8) og veslesyster Sunniva (4).



***TID TIL NJÅL:** I dag jobbar Hassan og Anne begge deltid for å få ting til å henga saman på heimebane. Dei tek imot omsorgsløn, og vonar dei begge kan vera i full jobb att når Njål (12) og dei to yngste er litt eldre.*

# Diagnosen som endra alt

**ÅRDAL:** Familien fekk ikkje hjelp då dei trengde det som mest, men i staden for å ta kampen mot kommunen, valde foreldra å ta saka i eigne hender.

– Du tilpassar deg etter korleis kvardagen din er. Så lenge me ikkje kjende at det kommunen hadde å tilby var av god nok kvalitet, har me berre prøvd å gjera det beste ut av det sjølve, seier Anne Tandberg (39) og Hassan Mangera (44).

## Beit, klora og slo

Dei flytta til Årdal i 1998 då dei begge fekk tilbod om jobb ved Årdal vidaregåande skule. Då var Njål eitt år gamal.

– Han fekk diagnosen autist då han var fem, men då hadde me i grunnen for lengst skjønt teikninga. Då han fekk epilepsi som åtteåring, stagnerte den utviklinga han hadde hatt med omsyn til mellom anna språk og motorikk. Både personlegdomen og åtferda hans endra seg, og Njål vart aggressiv og særs utagerande, seier mamma Anne, og fortel om ein stille og roleg gut som med eitt beit, klora og slo.

## Eit reint helvete

– Han kunne regelrett flyga på folk. Ettersom han er var for lydar, kunne han gå heilt av hengslene overfor veslesyster si, som den gongen var nyfødd. Det året var me knapt i same rom, alle fem. Me kunne ikkje sitja saman ved middagsbordet, han kunne kasta tallerkar og bestikk, knusa og rasera alt som var i nærleiken, det går nesten ikkje an å skildra, fortel ho.

Det er også vanskeleg for Hassan å skildra korleis han måtte halda eldstesonen sin nede med makt, kanskje i fleire timar om gangen – kvar einaste dag.

– Eit reint helvete for ein far, seier han berre.

## Litt bittert

I over eitt år var dette kvardagen for familien Mangera Tandberg, før legane ville høyra på dei fortvilte foreldra som meinte det måtte vera medisinen. Den dag i dag skjønar dei knapt korleis dei fekk dagleglivet til å hengja saman.

– Det var då me verkeleg hadde trong for avlasting og hjelp, men det fekk me ikkje. Eg skal vedgå at det er litt bittert, men me har prøvd å gjera det beste ut av det i staden, seier Hassan, som opphavleg er frå London. Anne er frå Kristiansand, og den geografiske bakgrunnen deira gjer at dei ikkje er omgjevne av eit naturleg støtteapparat med familie og vener .

## Takksame for hjelp

Rett nok fekk foreldra tidleg eit vedtak om avlasting, men beskjeden frå kommunen var også klar på at det ikkje fanst personalressursar, så folk måtte dei skaffa sjølve.

– Så står du der, ny i bygda, utan å kjenna nokon. Kven skulle me spørja? seier Anne, og fortel at einskildpersonar har stilt opp for Njål og familien, noko dei er særs takksame for.

– Folk frå skulen, assistentar eller andre som har funne tonen med Njål, har tilbydd seg å vera avlastarar, nærast fordi dei tykte synd på oss. Det er litt gale at det skal vera slik at det er difor nokon går inn for å gjera ein slik jobb, seier ho.

## Takka nei

Familien har hatt avlasting gjennom spesialomsorg periodar, men kommunen har vore ute av stand til å tilby stabilitet og tryggleik ettersom folk har skifta jobb, gått ut i permisjon eller blitt sjukmelde.

– Det var veldig uføreseieleg, avtalar vart stadig avlyst. Me hadde døme på helgar der me skulle på reis med dei to yngste som måtte avlysast i siste liten fordi einkvan vart sjukmeld eller slutta i jobben, og me merka også at Njål ikkje var trygg ved situasjonen. Dermed sa me frå oss tilbodet for eit par år sidan, fortel dei.

## Kvalitet

Etter det har ikkje Anne og Hassan ikkje hatt noko avlasting, og dei har heller ikkje brydd seg med å masa meir. Dei føretrekkjer kvalitet framfor kvantitet.

– Klart, me kunne jo tenkt oss å ha hatt eit slikt tilbod, slik at me kunne ha konsentrert oss om dei to andre, og kanskje hatt eit sosialt liv utanom. Men så lenge det ikkje er nokon struktur og me ikkje kan vera sikre på at han vert ivareteken på ein god måte, vil me heller ha han heime, seier dei.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

# Folkevalde forlanga svar frå rådmannen

## Kritikk mot spesialomsorg · Ingen kommentar

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Dei folkevalde kritiserte administrasjonen for deira måte å handtera media på, men rådmann Ingvar Laberg hadde ingen kommentar.**

Det var då kommunestyret var samla torsdag at både Hilmar Høl (Ap) og Siv Enerstvedt (SV) kommenterte dei mange sakene i spesialomsorga som har vore omtala i Sogn Avis den seinare tida. Tre familiar har stått fram og fortalt at dei framleis ikkje har fått det avlastingstilbodet dei er blitt lova og har krav på til sine psykisk og fysisk utviklingshemma born.

### Sterke reaksjonar

– Desse familiane har ikkje fått dei tilboda dei har krav på, og me forheld oss til rådmannen si attendemelding til formannskapet om å få ei uhilda gransking hjå Fylkesmannen. Det er sagt mykje i denne saka, og det er jo berre slik at me er valde som ombodsmenn for folket, difor vert det også reagert sterkt, sa Hilmar Høl.

– Våre politiske mål og prioriteringar har alltid hegna om dei svakaste gruppene som treng tilrettelegging. Difor forventar me at rådmannen tek tak i sakas kjerne og får etablert tilbodet så raskt som mogleg i tråd med politisk fatta vedtak, slo gruppeleiaren fast.

### Bør læra av historia

Siv Enerstvedt (SV) meiner spesialomsorga har noko å læra av tenesteområdet for oppvekst.

– Rådmannen sine stadige utsegner om at han ikkje vil sjå bakover, berre framover, likar eg dårleg. Me må sjå på historia for å finna ut kva som fungerer dårleg og kva som fungerer. I alle sakene får barnehagane og grunnskulane skryt for den måten dei handterer dei same brukarane som står fram og fortel om frustrasjonar. Spesialomsorga har noko å læra her, sa Enerstvedt, og la til at ho meiner administrasjonen sin måte å handtera media på, er til gremmjast over.



*MÅ LÆRA:* Siv Enerstvedt (SV) var mellom dei som gremst over den måten administrasjonen handterer spørsmål frå media på i samband med stoda i spesialomsorg.

– Eg forstår at ein ikkje kan gå inn i einskildsaker, men det betyr ikkje at ein ikkje skal svara på spørsmål om kvifor dette tek så lang tid, sa Enerstvedt med referanse til intervjuet med kommunalsjef Alf Olsen og leiar i spesialomsorg, Kristiane Laberg sist tysdag.

### Ikkje farleg å forstå

– Dersom brukarar meiner dei er dårleg handsama og at reglar ikkje er følgde og så vidare, skal administrasjonen forsikra brukarar og media om at dei tek det på alvor, meinte Enerstvedt.

– Spesialomsorga kan læra av oppvekst, og kommunen sine folk kan læra mykje av ordføraren. Folk skal ikkje sitja med ei kjensle av at kommunen har noko å skjula etter å ha lest avisa. Det er ikkje farleg å formidla at ein forstår at brukarar og foreldre er frustrerte og fortvila i ein kvardag som er vanskeleg nok frå før, var konklusjonen.

### Ingen kommentar

Rådmann Ingvar Laberg svara at han ikkje ville kommentera dette i denne omgangen. Han la til at han har under arbeid eit litt grundigare notat som skal følga denne tenesta over tid, og at han har ein arbeidsavtale som tilseier at rådmannen skal ha ein årleg samtale med formannskapet i mai månad.

– Der vil eg gå gjennom situasjonen sett med mine auge. Då er det ikkje grunn for meg til å kommentera noko no, sa Laberg.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



Har slite med rekrutteringa

*FAKSIMILE:* Sogn Avis tysdag 23. april

# Verna bustad i pluss

**ÅRDAL: – Me forventar at dei rette instansane følgjer opp og syter for at det vert minst like vellukka som me hadde sett føre oss.**

Det slo John Normann Melheim (Ap) fast då dei folkevalde fekk presentert sluttrapporten for nye verna bustad torsdag. Bygget, som har plass til i alt seks bueiningar, stod ferdig i fjor haust, men har vore lenger undervegs enn dei fleste prosjekt Årdal kommune har sett.

### Deprimerande

– Første gongen temaet var oppe var i 2001, der ein var klar over at kommunen sleit noko i forhold til den gruppa det her er snakk om som brukarar. Det vart oppretta styringsgruppe der underteikna var leiar, og eg må seia det var rimeleg deprimerande i periodar og oppleva at me hadde problem med å få nok trøkk og prioritet for dette arbeidet, sa Melheim.

### Seks leiarar på tre år

Han sa at delar av dette skuldast at det i denne perioden var hyppige skifte av leiarar i spesialomsorg. Sogn Avis har tidlegare fortalt at det har vore tilsett eller konstituert seks leiarar mellom 2004 og 2007.

Undervegs vart arbeidet avbrote og måtte starta på nytt fordi det vart for dyrt, men i mars 2008 starta byggjearbeidet. Det vart ferdigstilt i juni 2009.

– Eit vellukka resultat, må me seia. Så står me overfor neste fase, nemleg å ta det i bruk. Me forventar at dei rette instansane følgjer opp og syter for at det blir minst like vellukka som det me hadde sett føre oss, sa Melheim.



*TOK SI TID:* Det tok over åtte år frå planarbeidet byrja i 2001 til bygget stod ferdig i 2009.

# Formannskapet forventar svar

■■ Frist til tysdag ■■ Tilbod skal på plass ■■ Kan bli avlyst



*FRIST TIL TYSDAG: Rådmann Ingvar laberg har frist på seg til tysdag for å finna ei løysing på avlastingstilbodet til familiar med særskilde hjelpebehov i Årdal kommune.*

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: På formannskapsmøte tysdag må rådmann Ingvar Laberg leggja fram ein plan for korleis han skal få avlastingstilbodet i spesialomsorg opp å gå.**

På møtet den 18. mai var ordførar Arild Ingar Lægreid og formannskapet tydelege på kva forventingar dei har til rådmannen og administrasjonen i samband med avlastingstilbodet til familiar med særskilde hjelpebehov.

### Eit ultimatum

– Formannskapet ber om at rådmannen får på plass forpliktande avlastingstilbod i samsvar med administrative og politiske vedtak, heiter det i vedtaket, der fristen for attendemelding er 8. juni.

Fleire av foreldra, som i årevis har kjempa ein lang kamp mot kommunen for å få det lovpålagde tilbodet dei er blitt lova til sine psykisk og fysisk utviklingshemma born, var til stades under møtet.

– Eg oppfattar dette som eit ultimatum, sa Reidun Fodnes, mamma til Anita (16), etterpå.

### Jobbar hardt

Rådmannen hadde ingen kommentar til Sogn Avis på spørsmål om korleis han ville gå fram for å løysa problemet, men seier i ettertid at kommunen jobbar knallhardt for å få det til.

Han vil likevel ikkje seia noko om korleis.

– Svaret på det er at me arbeider knallhardt for å få det til. Å rapportera meir om det no midt oppe i denne prosessen og før eg skal rapportera til formannskapet, har eg ikkje lyst til, seier Laberg.

### Kan bli avlyst

Rådmannen seier han ikkje kjenner seg att i at det skal vera stilt noko ultimatum frå dei folkevalde si side.

– Det at formannskapet gjorde ei slik bestilling har eg ingen motførestellingar imot, slik eg oppfattar det, ligg det i formuleringa i vedtaket at eg skal gje ei tilbakemelding, det er det uttrykket som er brukt. I media er det framstilt som om det er eit ultimatum, men det har jo ein heilt annan karakter, seier rådmannen.

Når det gjeld formannskapsmøtet tysdag 8. juni, vil dette bli utsett dersom streiken i Fagforbundet held fram.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

SALG
fra 7. juni
Se IKEA.no/aasane for alle tilbudene
Hverdager 10-22 Lørdager 10-20
IKEA®
© Inter IKEA Systems B.V. 2010

## Rømde frå fengselet

**VIK:** Politi og tilsette ved fengselet er sette inn i leitinga etter to fangar som fredag ettermiddag forsvann frå Vik fengsel. – Det er snakk om to unge menn som ikkje har kome attende til fengselet etter at dei var ferdige på jobb utanfor fengselsmurane. Me har saman med tilsette ved fengselet leita i nærområdet, utan å ha gjort nokon funn enda, opplyser lensmann i Vik, Ove Andersen, til Sogn Avis. Etter det Sogn Avis kjenner til er det sendt ut etterlysing internt i politiet, både i retning mot Voss og over Sognefjorden. Leitinga etter dei to rømlingane vil halda fram utover kvelden, men lensmannen opplyser at det ikkje er grunn til å anta at fangane er farlege. Fengselssjef Roy Egil Stadheim var ikkje nett snakkesalig då me var i kontakt med han fredag ettermiddag. – Me kan ikkje seia noko om dette, er Stadheim sin korte kommentar. Dei to var ikkje funne då Sogn Avis gjekk i trykken fredag kveld.


(Foto: Gunnar Kleven)

# Tenesteleiar går i strupen på folkevalde

■■ Kjenner seg krenkja ■■ Skryt av eigen innsats

**ÅRDAL: Tenesteleiar Kristiane Laberg, er ikkje nådig overfor politikarar som kritiserer spesialomsorg, og hevdar dei har ein personleg agenda.**

SPESIALOMSORG



***INGEN KOMMENTAR:*** *Folkevalde i Årdal, her frå eit formannskapsmøte i mars, får krass kritikk av tenesteleiar Kristiane Laberg (innfelt) i eit brev. Laberg vil ikkje kommentera noko utover det som står i brevet.* (Arkiv)

I eit brev stila til formannskapet og publisert gjennom nettstaden Porten.no, skriv Kristiane Laberg at sentrale politikarar i formannskapet i Årdal har gått særs langt i å kritisera spesialomsorg som tenesteområde og hennar leiarrolle.

### Krenkjande utsegner

– Eg opplever at politikarar framstiller spesialomsorg på ein måte som eg ikkje kjenner meg att i. Utsegnene vert for meg opplevd som krenkjande , og ein kan undra seg over om dei same politikarane har gløymt all informasjon dei har fått gjennom fleire år i form av notat og rapportar, skriv Laberg.

### Sju klager på eitt år

– I løpet av mi tid som tid som leiar for spesialomsorg har det ikkje kome negative tilbakemeldingar på ein konstruktiv arena (les: ikkje Sogn Avis) i høve arbeidet eg utfører eller når det gjeld utviklinga av tenesteområdet, understrekar ho.

Dette står i sterk kontrast til eit notat rådmann Ingvar Laberg offentleggjorde sist måndag , der det går fram at det er kome til saman sju klager frå brukarar og pårørande berre i løpet av 2009 og 2010. To av vedtaka vart gjort om av Fylkesmannen, ei er framleis ikkje handsama. Ytterlegare to saker gjeld avlastingstenester og er handsama i formannskapet, medan den siste vart klaga inn til helsetilsynet.

### Sterk kontrast

– Det har heller aldri blitt gjeve tilbakemeldingar til mine overordna i slike høve. Tvert i mot har det kome masse positive tilbakemeldingar knytt til arbeidet som er gjort, skriv Kristiane Laberg.

Også det står i kontrast, då til fortvila foreldre som i Sogn Avis fortel om møte med rådmann og ordførar der dei har forlanga svar på kvifor avlastingstilbodet dei har vedtak om først kjem på plass eitt år etter at dei vart lova.

### Ingen kommentar

Kristiane Laberg nektar å kommentera noko utover innhaldet i brevet, som elles rettar skarp kritikk mot det ho omtalar som sentrale politikarar.

– Frå eg vart tilsett som leiar for spesialomsorg har eg hatt ei sterk kjensle av at dei same politikarane konsekvent har kome med slenguttalar til dette tenesteområdet og meg. ( ...) I heile treårsperioden eg har vore leiar, er eg møtt med uprofesjonelle og nedlatande utsegner som er heilt på grensa av det eg kan akseptera på vegner av meg sjølv om mine tilsette, heiter det mellom anna.

### Rosar eigen innsats

Laberg skriv at når ho no opplever voldsomme tilbakemeldingar i media, ser ho ei klar linje som er med på å forsterka hennar oppleving av at desse politikarane har ein personleg agenda mot ho som leiar og ei klar misnøye i høve spesialomsorg.

Laberg nøler ikkje sjølv med å framheva at ho har gjort ein god jobb.

– Takka vera at eg, saman med ein stor og positiv gjeng i spesialomsorg, no har fått bygd opp gode team med flotte medarbeidarar og eit godt samarbeid med tillitsvalde, har me saman klart å gjera mykje bra for tenesta, skriv Laberg, som også rosar oppfølginga ho har fått frå næraste overordna i den tida ho har vore leiar.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

STIFTINGA
KRISESENTERET
I SOGN OG FJORDANE
• Støtte og hjelp til kvinner utsett for psykisk/fysisk mishandling
• Døgnope butilbod
• Du kan ta med barn på senteret
• Råd og rettleiing på telefon eller ved dagbesøk
• Gratis advokatteneste
57 74 36 00
www.krisesenteret.sf.no

## Lån til pub

**LÆRDAL:** Laksen Pub og Restaurant har fått eit lån på 300.000 kroner av Lærdal kommune. Lånet er rentefritt dei fyrste to åra og skal nedbetalast over fem år. Dei nye restaurantlokala skal stå klare til innflytting etter ombygging 1. juni.

## Køyrde moped med promille

**SOGN TINGRETT:** Ein sogning i 20-åra er dømd til fengsel i 20 dagar for å ha køyrt moped med promille. Han må òg betala ei bot på 25.000 kroner, og mistar retten til førarkort i to år. Det var i fjor haust sogningen køyrde rundt i Sogndal sentrum på moped. Han vart teken, og blodprøva viste ein promille på 1,70. Sogningen vart òg dømd for å ha køyrt med passasjer trass i at mopeden ikkje var godkjend for det. Den sikta tilstod utan atterhald i tingretten.

## Kommunen kjøper aksjar

**LÆRDAL:** Lærdal kommune har vedteke å teikna aksjar i selskapet Sogn Trading med 150.000 kroner, slik at den samla aksjekapitalen til kommunen kjem opp i 650.000 kroner. SV røysta imot framlegget i kommunestyret, då dei meinte kommunen ikkje burde vera minioritetseigar i eit selskap utan at det låg føre særskilde grunnar for det. Men framlegget fekk fleirtal i kommunestyret, 12 mot SV sine 2 røyster.




***IKKJE BRA:*** *Ordførar Arild Ingar Lægreid vil ikkje kommentera innhaldet i brevet. – Men dette er ein heilt spesiell måte å gjera ting på. Det er ikkje bra for kommunen, seier han.*

# – Dette er ikkje bra

## Kjenner seg ikkje att

## Eit rop om hjelp

**ÅRDAL: Ordførar Arild Ingar Lægreid seier det er særs spesielt at ein tenesteleiar går ut mot folkevalde på denne måten.**

– Dette er ein heilt spesiell måte å gjera ting på, det må eg seia. Det er ikkje bra for kommunen, seier han, men vil ikkje kommentera innhaldet i brevet.

### Ikkje normalt

– Som ordførar forheld meg til rådmannen og det at formannskapet skal ha ein årleg samtale med rådmannen om ei vekas tid, så eg vil i dag ikkje seia noko meir om dette – anna enn at det ikkje er bra. Det er ikkje normal prosedyre, og det er ikkje slik me skal ha det, seier ordføraren.

Hilmar Høl (Ap) seier han sjølv ser at einskilde har uttrykt seg hardt, og at det kan oppfattast som generell kritikk av spesialomsorg, men meiner Laberg blandar forholda.

### Mistar fokus

– Denne saka gjeld avlastingstiltak som brukarar har rett og krav på i høve til sosiallova. Eg kan ikkje forstå at når me ivaretek ombudsrolla så blir me oppfatta som krenkjande. I motsett fall vil me bli oppfatta som handlingslamma dersom me ikkje reagerer. Me er trass alt valde av folket, og folket har rett til å høyra kva politikarane tykkjer om saker, også i media, seier Høl, som tykkjer det er synd at saka har blitt ein strid mellom politikarane og administrasjonen.

– Det gjer at ein mistar fokus på det som er kjernen i saka, nemleg avlastingstilbodet til familiar som har stått fram med si historie.

### Kjenner seg ikkje att

Varaordøfrar Marie Helene Brandsdal (Ap) seier at verkelegheitsoppfatninga er individuell, og tykkjer det er synd om Laberg kjenner seg møtt slik ho skriv.

– Men dette kjenner eg meg ikkje igjen i. Me har moglegheiter til å be om orienteringar utanom saklista for å følgja opp tidlegare og aktuelle saker. Det har noko med å følgja opp administrasjonen sitt arbeid å gjera, seier ho, og tek sjølvkritikk for at politikarane ikkje følgja godt nok opp og sette fristar for verna bustad.

### Eit rop om hjelp

– Eg tykkjer det har vore sakleg kommentert i møtesamanheng, kanskje i litt harde ordelag, men det har vedkome saka. Synd at ein blandar person og sak dersom ein skal gå ut på ein slik måte, seier Jan Inge Buene. (Ap).

Anne Kauppi seier ho ikkje høyrt at nokon har uttala seg kritisk mot einskildindivid.

– Utsegnene har kome på generelt grunnlag, men dei som har kome i seinare tid, har kanskje vore litt uheldige i forhold til temperaturen i denne debatten. Men i løpet av mine tre periodar i kommunestyret har eg heller aldri opplevd at nokon har gått til arbeidsgjevaren sin gjennom media på ein slik måte. Kanskje er det eit rop om hjelp, seier ho.

### Kritisk til utsegner

Jørgen Asperheim (Sp) seier at rådmannen har orientert formannskapet og kommunestyret om tenesta spesialomsorg, og kva som vert gjort i høve til saker som er presentert i Sogn Avis.

– Dette var formannskapet nøgd med, og mi haldning var klar på det at administrasjonen sine tiltak, ikkje hadde noko med politikk å gjera. Eg er svært kritisk til varaordføraren og gruppeleiaren i Ap som kritiserte tenesteområde i Sogn Avis etterpå. Det er ikkje grunnlag for å reisa kritikk så lenge me ikkje har kjennskap til om noko er gjort feil, seier han.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

### – Ingen kommentar:

Kristiane Laberg skriv i ein tekstmelding at ho utover brevet ikkje er tilgjengeleg for kommentar. Rådmann Ingvar Laberg (biletet), som er onkel til Kristiane Laberg, fekk som øvste leiar for administrasjonen i Årdal kommune, via e-post tilsendt spørsmål Sogn Avis ynskte å stilla i samband med at tenesteleiaren oppsiktsvekkjande nok går hardt ut mot formannskapet, mellom anna:



*– Er dette ein vanleg måte å gjera ting på i forhold til Årdal kommune sin medie- og informasjonsstrategi?*

*– Er ikkje skriftlege klager som vert politisk handsama og i einskilde tilfelle går til helsetilsynet å rekna som negativ tilbakemelding?*

*– Er ikkje formannskapet å rekna som ein konstruktiv arena å framføra slik kritikk på?*

*– Kan rådmannen definera kva som er meint med «ein konstruktiv arena» utover at dette ifølgje brevet frå Laberg ikkje gjeld Sogn Avis?*

*– Kan rådmannen stadfesta påstanden om at det førekjem slenguttaler, uprofesjonelle og nedlatande utsegner til tenesteleiar under formannskapsmøta ?*

*– Reknar ikkje rådmannen eit møte med ein familie den 12. april , der ordføraren også er til stades, som ein konstruktiv arena å framføra kritikk på?*

Rådmannen sitt svar via e-post var:
– Etter ei samla vurdering og i samråd med min næraste overordna, ordføraren, held eg fast på det eg opplyste i kommunestyremøtet 29. april , at analysen min i høve dei aktuelle medieoppslaga i seinare tid, vil bli gjort i den årlege evalueringssamtalen mellom rådmannen og formannskapet.

**Elektromotorar frå 0,12 kW til 110 kW – vi har dei på lager i Førde**

Elektromotorar, lager, kjeder, kileremar, koplingar, gir, snekkeveksel ...
Vi har fylkets største utval av delar til industri, landbruk og oppdrett.



DØGNOPEN SERVICETELEFON 47 83 70 50

TOOLS SPESIALVARER

Hafstadv. 80 – Pb. 464, 6803 Førde – Tlf. 57 83 70 50 – www.spesialvarer.no

# Sleit med å sikra stabil bemanning

## Lysning i sikte Sjukefråveret ned

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Spesialomsorg har i mange år hatt vanskar med å sikra stabilitet i bemanninga, både i sjølve tenestene og på leiarnivå. Men situasjonen har betra seg.**

Dette går fram av eit notat rådmann Ingvar Laberg har sendt til kommunestyret, etter spørsmål frå folkevalde i kommunestyremøtet 29. april og fleire oppslag i Sogn Avis.



*BETRING: – Det går framover, er konklusjonen til rådmann Ingvar Laberg i eit notat til kommunestyret i Årdal.* (Arkiv)

Laberg syner til at kommunen i lange periodar ikkje har stetta lovfesta krav til kompetanse i bustader med heildøgns omsorg.

– Kvaliteten på tenestene har difor ikkje vore slik den burde vera, skriv rådmannen og viser til at dei har hatt fem leiarar på to år sidan 2005. Noverande leiar vart tilsett i 2007.

### Oljeturnus

Laberg skriv at det dei siste tre åra har vore arbeidd kontinuerleg med å kvalitetssikra tenestene, realisera ny verna bustad og sikra ei stabil bemanning med naudsynt kompetanse. Parallelt med dette har det også vorte brukt mykje tid på personalarbeid. Samstundes har etterspurnaden etter kommunale tenester auka og nye brukarar har kome til. Etter at kommunen gjennom tett dialog med tilsette og tillitsvalde fekk på plass ny turnus, sokalla oljeturnus, i verna bustader, har kommunen oppnådd ein stabilitet i bemanninga og ein rekrutteringssituasjon som ikkje har vore til stades tidlegare.

– Der me før ved Fylkesmannen sine tilsyn fekk stadige avvik for å ikkje stetta lovfesta krav ved bruk av makt og tvang, er situasjonen totalt endra. Ny løns- og arbeidstidsordning har ført til at høgskuleutdanna personell i andre kommunale tenester har søkt seg over til verna bustader, skriv Laberg.

### Krevjande

Rådmannen strekar under at tilsette innanfor spesialomsorg har i mange år, i ein svært krevjande arbeidssituasjon, gjort ein stor innsats for å utvikla nye tenestetilbod, oppretthalda eksisterande tilbod og å gje ei kvalitativt god teneste til tenestemottakarane.

– Det er beklageleg at kommunen ikkje til ei kvar tid har vore i stand til fullt ut å setja i verk tiltak straks dei er vedtekne.

### Situasjonen i dag

I verna bustader eller bustader med heildøgns omsorg har kommunen18 tenestemottakarar. Ein bustad er lokalisert til Leikanger ved at kommunen kjøper teneste av ein privat aktør.

– Tenesta er av god kvalitet og tilbakemeldingane frå pårørande er gode. Fire av dei kommunale bustadene med heildøgns omsorg er samlokaliserte på Grandane. Innføring av oljeturnus har vore vellukka og har hatt positiv verknad for kvaliteten i tenestetilbodet, dei tilsette og for organisering og drift av bustadene. Bemanninga stettar lovfesta krav til kompetanse. Dei samlokaliserte bustadene er samla under ei felles administrativ og fagleg leiing. Dette for å sikre høg fagleg standard og rasjonell utnytting av personellressursane. Tilbakemeldingane frå pårørande er gode. Rekruttering til faste stillingar har utvikla seg positivt. Derimot er rekruttering til vikariat og ferievikarar framleis ei stor utfordring. Dei siste to-tre åra har rekruttering av ferievikarar blitt stadig vanskelegare. Dette er også situasjonen i andre kommunar, heiter det blant anna i notatet frå rådmannen.

### Sjukefråveret ned

Han syner også til at seks tilsette er i ferd med eller har gjennomført desentralisert høgskuleutdanning innan vernepleie og barnevernspedagogikk. Desse har fått innvilga permisjon med løn og stipend til studiet.

Det har sidan 2005 vorte gjennomført tre medarbeidarundersøkingar. Den siste vart gjennomført i februar / mars 2010. Rådmannen seier det vil bli gjeve ei orientering om kva undersøkingane viser i eit eige møte. I tillegg vert det vist til referat frå eit møte 27. april mellom hovudverneombod, hovudtillitsvald, leiar av spesialomsorg og avdelingsleiarar.

Sjukefråværet innan spesialomsorg har gått ned frå 11,7 prosent i 2006 til 5,8 prosent i 2009. I første kvartal 2010 ligg gjennomsnittleg sjukefråvær på 4,0 prosent, skriv Laberg, som for framtida blant anna ynskjer å sikra ro omkring desse tenestene, skapa eit godt omdøme og vidareutvikla ein god dialog med tenestemottakarar og pårørande.

Jan Egil Fimreite
jan. egil. fimreite@sognavis.no

## – Ingen kommentar



**ÅRDAL:** Alf Olsen jr (biletet), som er ansvarleg kommunalsjef for spesialomsorg, fekk tilsendt fleire spørsmål i samband med at tenesteleiar Kristiane Laberg gjekk hardt ut mot sentrale politikarar. Ho skriv i eit brev til formannskapet at ho kjenner seg krenka av det ho omtalar som nedlatande og uprofesjonelle utsegner. Kommunalsjef Olsen lova fyrst å svara på desse spørsmåla i løpet av helga, men ombestemte seg etter å ha lest laurdagsavisa. – Eg forheld med til rådmannen, seier Alf Olsen jr. Rådmann Ingvar Laberg på si side nekta å kommentera saka og forheld seg til utsegner han kom med på kommunestyremøte 29.april om at han forheld seg til sin årlege samtale med formannskapet. Den skal etter planen finna stad i løpet av denne månaden.

SIKRINGSARBEIDER I FINNDALSTUNNELEN

Det vil pågå sikringsarbeider i Finndalstunnelen fra mandag 10. mai og fram til ca 1. juli. Arbeidet består av rensk og bolting samt utbedring av vannlekkasjer i tunneltaket. Entreprenør for arbeidet er Injeksjonsteknikk AS.

Tunnelen vil være stengt for alminnelig ferdsel i dette tidsrommet. Tillatelse til å bruke tunnelen, eller opplysninger om tider tunnelen kan brukes, fås ved henvendelse til byggherren som er E-CO Vannkraft as.

Kontaktpersoner er Alv Loven, mobil: 952 03 944, eller Alf Bjarne Hjelle, mobil: 908 83 151.

E-CO Vannkraft, Postboks 1050 Sentrum, 0104 Oslo.
Telefon 24 11 65 00.

E-CO www.e-co.no

## Bråk kan bli dyrt

**LEIKANGER:** Om du held naboane oppe med høg musikk om natta slik at dei ikkje får sova, kan det kosta deg 4.000 kroner og oppover i bot. Nyleg fekk ein mann i Sunnfjord eit førelegg for nattebråk, men han blir neppe unik. For får politiet tips om nattebråk, vil dei reagera på dette, informerer politiadvokat Erling Melvær i Sogn og Fjordane politidistrikt i ei pressemelding. – Når ein står på terskelen til ein ny sommarsesong, bør folk difor vera merksam på at politi og påtalemyndigheit vil reagera på denne typen oppførsel dersom me får kunnskap om det, fortel Melvær. I utgangspunktet er bota på 4.000 kroner og oppover, men om bråkmakaren ikkje roar seg, kan han også mista stereoanlegget sitt, opplyser politiadvokaten.

## Vil ha ei kartleggjing

**BALESTRAND:** Regjeringa har sett av 7,1 millionar kroner til Sogn og Fjordane for å sikra utbygging av breiband med tilstrekkeleg kapasitet.
– Raskt breiband som kan tifredstilla framtida sine behov er viktig både for einskildpersonar, næringsliv og offenteleg verksemd. For distrikta er det avgjerande at utbygging av denne type infrastruktur skjer i same takt som i meir sentrale strøk, skriv Balestrand Venstre i eit brev stila til ordføraren. Partiet ynskjer at kommunen gjennomfører ei kartlegging av breibandtilbodet i kommunen; om dette er «godt nok» for åra framover, eller om ein snarast mogeleg bør melda seg på i konkurransen om dei tildelte midlane for å heva standaren innan dette viktige området.



## Takkar nei til attval

**LEIKANGER:** Nominasjonsnemnda i Sogn og Fjordane Arbeidarparti har kontakta dei som stod på lista ved siste fylkestingsval med spørsmål om dei ønskjer å bli renominert. Då fristen gjekk ut i går, hadde gruppeleiar og fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes takka nei, og det same har fylkestingsmedlem Aud Kari Steinsland gjort. Dei andre i gruppa har sagt at dei stiller seg til disposisjon for ein ny periode. Sogn og Fjordane Arbeidarparti har nominasjonsmøte på Skei Hotell, Skei laurdag 4. desember.

## Mot kompromiss

**BALESTRAND:** – Det ligg an til eit kompromiss i høve til Hydro når det gjeld avrekning/erstatning i høve sal av konsesjonskraft frå Høyangervassdraget, skriv rådmann i Balestrand i ein økonomirapport som vart lagt fram i formannskapet. For 2010 inneber forliket at kommunen får kring 160.000 kroner meir enn budsjettert, når advokatutgifter er trekt frå.

## Tilsette skal trimma

**LEIKANGER:** I går gjekk startskotet for Voss kommune sin trimaksjon. Fram til septembervert dei tilsette oppmoda om å trimma 30 minutt dagleg. Målet å få så mange som mogeleg til å trimma når dei skal på jobb. – Om ein syklar, går, joggar eller padlar, for den saks skuld, spelar ingen rolle. Det viktigaste er at folk kjem seg i meir rørsle, meiner leiar for aksjonen, Trude Lydvo.

# – Aldri meir Årdal kommune

■■ Kritisk til personalbehandling ■■ Dryge påstandar

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Tidlegare tilsett Christel Knudsen (30) er rysta over den måten spesialomsorg behandlar personalet på og vil aldri meir setja sine bein i ein kommune som Årdal.**

Ho er mellom dei som reagerer kraftig på at tenesteleiar Kristiane Laberg i eit brev til formannskapet hevdar at ho aldri har fått negative tilbakemeldingar på jobben ho utfører og at hennar overordna heller aldri har gjort det.

### Fekk tips

– Dei som er tilsett der no, tør sjølvsagt ikkje seia noko som helst, det er det som er så trist. I ein liten kommune som Årdal har dei få andre jobbmoglegheiter innanfor denne bransjen, alt ligg jo under den same leiinga, så eg forstår det godt, seier 30-åringen frå Bergen, som fekk tips hjå ein tidlegare kollega i vestlandshovudstaden om at det var ei ledig stilling i den verna bustaden til Anne Tungen (23), som Sogn Avis fortalde om sist torsdag.

### Splitta personalgruppa

– Det var ein 34 prosent stilling i medlevar-turnus med 72-timarsvakter som gjekk an å kombinera med den jobben eg har her i Meland. Soleis passa det meg godt å pendla til Årdal i ei slik lita stilling. Det gjekk eigentleg ganske bra, sjølv om brukaren var flytt til Leikanger og personalet pendla ut der for å jobba, men så vart me jo alle med eitt oppsagd, fortel Christel, som jobba i kommunen i eitt år, men måtte slutta fordi leiinga i spesialomsorg valde å splitta personalgruppa ho var ein del av.

### Mykje negativt

Bakgrunnen skal ha vore ein rapport frå den private aktøren på Leikanger som rådde til at berre fire einskilde utvalde av ei gruppe på 10–12 personar skulle vera med vidare i eit opplegg rundt Anne.



**SKREMD:** *Christel Knudsen (30) seier ho er skaka over den måten ho og andre tilsette i ein verna bustad i Årdal vart behandla på. Ho jobba i Årdal i litt over eitt år frå hausten 2008. (Foto: privat)*

Christel seier ho raskt skjønte at ho ikkje var ein av desse, men er sterkt kritisk til måten dette vart gjort på.

– I rapporten stod det mykje negativt, mellom anna at brukaren hadde for mykje fortid med dei som jobba der og at det kanskje var betre å byrja på nytt. Dermed er tilsette frå Årdal blitt evaluerte utan at dei visste om det, berre det tykkjer eg er ekkelt å tenkja på, seier ho, og legg til at det var fleire tilsette som hadde jobba med Anne i mange år, for somme bortimot ti år.

### Dårleg stemning

På eit møte der berre tre av 11 hadde høve til å møta, vart det orientert om at berre fire skulle vera med vidare, men kven desse personane var, fekk ingen vita, bortsett frå at den eine av dei alt hadde sagt opp og ikkje var aktuell.

– Stemninga var sjølvsagt ikkje god. Folk lurte på kvifor dei ikkje var gode nok lenger, dei var nært knytt til brukaren og hadde brukt tid og krefter på å gjera ein best mogleg jobb gjennom nokre veldig turbulente periodar. Det skapte jo dårleg stemning og folk gjekk med tankar om kvifor einskilde vart føretrekt framfor andre.

### Sa opp sjølv

Christel fekk då tilbod om jobb i avlastingsbustaden, og takka først nei fordi ho ikkje visste om det ville passa med resten av jobben.

– Men eg endra meg og sa eg gjerne ville sjå turnusen. Den fekk eg tilsendt, men den var ikkje komplett i forhold til stillingsprosenten. Då eg ringde om dette, fekk eg beskjed om at dei berre ville bruka meg litt innimellom. Det var ikkje nok, så eg sa opp.

I oppseiingstida kunne dei ha brukt meg i andre bustader, det var behov for personale, og eg venta på telefon om dette som aldri kom, seier Christel, og legg til at ei lita gruppe på to–tre personar ytra ynske om å få byrja å jobba i avlastingstilbodet til ein av dei andre brukarane Sogn Avis har fortalt om.



**FAKSIMILE:** *Sogn Avis laurdag 8. mai 2010.*

– Dei fekk melding om at det låg på vent, så vidt eg veit, så eg kan ikkje fatta og begripa at personalmangel vert brukt som orsaking for at avlastingstilbodet aldri kom i gang, seier ho.

– Det har vore mykje raseri, men få tør å ta det opp. Då eg jobba der inne var det nokre tilsette som våga å ta ting opp med tenesteleiar om arbeidssituasjonen. Det kom aldri noko svar, så det vart sendt eit skriv til hovudverneombodet, Fagforbundet og til kommunalsjefen. Då vart personen som skreiv dette på vegner av 10–12 tilsette kalla inn på teppet og fekk det glatte lag for ikkje å ha gått rette tenestevegen, fortel Knudsen.

### Dårleg dynamikk

Ho fortel også at det har vore fleire møter med kommunalsjef Olsen og tenesteleiar Laberg til stades, der også Fagforbundet har teke del i samband med denne situasjonen.

– Då er det drygt å hevda at ein aldri har fått nokon som helst slags negativ attendemelding på den jobben som vert utført, meiner Christel.

– Til sist fekk me forklaringa om at det var dårleg gruppedynamikk som gjorde at dei valde å splitta denne gruppa, men me kunne ikkje få greie på kva dei la i dette omgrepet. Det kan jo godt henda at det var fordi det var folk her som sa ifrå og stilte krav, og at gruppedynamikken soleis vart veldig brysom for leiinga, seier ho.

Tenesteleiar Kristiane Laberg har ikkje svara på førespurnad frå Sogn Avis om kommentar til denne saka.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



## – Får for lite info

**ÅRDAL: Også far til Anne (23), Johan Tungen, seier han tykkjer det har vore mykje rar personalbehandling i opplegget rundt dottera.**

Han seier det er spesielt informasjonen frå leiinga si side han tykkjer er ille.

### Lite informasjon

Han reagerer mellom anna på at personar som har jobba med Anne sidan ho var lita jente med eitt vart sagt opp og flytta over til andre bustader mot sin vilje.

– Og me som foreldre har ikkje vore informert om kva som har skjedd, dette er ting eg har fått vita ute på bygda. Me har som foreldre halde oss til spesielt ein person som har kjent Anne sidan 1993 og er utdanna vernepleiar. Men med eitt fekk me vita at denne jobben var gjett til ein annan person, ein lærar, som så vidt eg veit ikkje har vernepleieutdanning, fortel han.



**KOMITÉ FOR BUSTADPOLITIKK:** *Gunnar Yttri (SV) meiner politikarane bør vurdera korleis kommunen kan bidra til ein attraktiv bustadsituasjon for unge tilflyttarar. (Arkivfoto)*

## Vil ha attraktiv bustadsituasjon

**SOGNDAL: – Det er mange bustader ledige, men spørsmålet er for kven, seier Gunnar Yttri (SV).**

Yttri vil no ha ei vurdering av korleis kommunen kan bidra til ein attraktiv bustadsituasjon for unge tilflyttarar.

– Inngangsbilletten er for høg, seier Yttri.

Bustadprisane i Sogndal er alt anna enn låge, og Yttri meiner det kan vera utfordrande for dei som vil etablera seg, og som ikkje har ein fot innafor bustadmarknaden gjennom til dømes familie.

Unge tilflyttarar utanfrå bør få høve til å sjå det som attraktivt å bu relativt sentralt i Sogndal, tykkjer Yttri.

### Busett seg andre stader

– Sogndal har som mål å auka folketalet og få nye vekstnæringar, men med for høgt prisnivå vil ikkje dei nye satsa i bygda, seier Yttri.
SV-politikaren lufta framlegget om ein sakskomité i sist formannskap, og fortel at han fekk bra respons frå andre politikarar på dette. SV ønskjer å konkret føreslå ein slik komité seinare.

– Hadde me vore ein steinrik kommune, kunne me hatt ein raskare og lettare oppskrift. Ein slik komité skal gripa temaet og leggja grunnlaget for ein politikk, seier Yttri.

Han vil ikkje føregripa kva kommunen konkret kan gjera for å gjera bustadsituasjonen meir tilgjengeleg for unge tilflyttarar. Yttri jobbar på høgskulen i Sogndal, og har sett at unge og lovande tilflyttarar får jobb i bygda, men busett seg på Leikanger og Hafslo.

– Det treng ikkje vera noko gale i det. Men viss det er bustadprisane åleine som driv dei ut, så tykkjer eg det er gale, seier Yttri.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no

## Klart for barnehagebygging

**LÆRDAL: – Eg kan ikkje skjøna at det skulle vera naudsynt med slike presiseringar, sa ordførar Arne Sanden då kommunestyret i Lærdal vedtok å byggja ein ny barnehage til vel 20 millionar kroner.**

Og presiseringa er at denne summen er inkludert moms. Som kjent gløymde både rådmann, formannskapet og kommunestyret å rekna med momsen sist dei gjorde vedtak om barnehageutbygging på Lærdalsøyri. Barnehagen vart dermed seks millionar kroner dyrare enn den berekna prislappen på 25 millionar kroner. Heile tilbodskonkurransen vart difor avlyst og administrasjonen måtte gå gjennom saka på ny, med sikte på å få totalsummen ned mot 20 millionar kroner, altså inkludert moms.

### Fretland Bygg

Det er Fretland Bygg som fekk tilslaget på barnehagen, noko dei også gjorde i fjor sommar. Sluttsummen er på 20.800.013 kroner.

Sanden slo fast at det var all grunn for kommunestyret å vera glade etter at det endelege vedtaket for bygging av ny barnehage var i boks torsdag.

– Dette er ei sak det er all grunn til å setja ekstra fokus på. Det har vore ei sak som etter kvart vart nokså vanskeleg for oss, sa Sanden og synte til at saka vart klaga inn til Klagenemda for offentlige anskaffelser (Kofa) då tilbodskonkurransen vart avlyst i fjor. Denne klagen er ikkje ferdig behandla.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no




Sogndal: ATS på catwalken Side 26–27
Leikanger: Milslukaren Side 22–23
Luster: Fargerik møteplass Side 10–11
Lærdal: Sette motbakkerekord Side 18–19

Sogn Avis
Laurdag
15. mai 2010 • Nr. 91
36.000 lesarar kvar dag • Laussal kr. 20,–

Toyota Sogn
• Godt utval brukte bilar
• Service og EU-kontroll
TOYOTA
Tlf. 57 67 66 66 – www.toyotasogn.no

# Legg seg flat

■■ Tabba seg ut i formannskapet ■■ Ber om orsaking



**TABBEVEDTAK:** *Hilmar Høl er lei seg og ber om orsaking for det som skjedde i Årdal formannskap på onsdag.*

Hilmar Høl, leiar for Ap-gruppa i Årdal formannskap, legg seg paddeflat etter at han onsdag var med å vedta ei pressemelding der dei folkevalde beklaga at medieoppslag den siste tida har skapt eit negativt bilete av spesialomsorga i kommunen. – Dette var ei kjempetabbe, noko eg vil orsaka overfor dei familiane som har stått fram med sine historier, seier Høl, som får støtte hjå fleire partifellar.

Side 6 og 7



### Pøbelstrekar

**SOGNDAL:** Russen fortvilar etter at to russebilar vart utsett for skadeverk.

Side 12 og 13

### – Ufint mot tilsette



**AURLAND:** Hallgeir Høydal (bilete), leiar i Fagforbundet i Aurland, reagerer sterkt på utspel om jobbkutt.

Side 4

### Stor badelyst

**LUSTER:** 25 tilbydarar vil byggja Luster Bad.

Side 5

LEI AV HØGE UTGIFTER?
BLI ENIVEST ADSL KUNDE OG FÅ
3 MÅNADER UTAN KOSTNAD
BYTT I DAG OG SPAR INNTIL KRONER 1194,-
57 00 91 00
enivest.no
enivest

Hageland
Syrstrand Gartneri a.s
Me har SØNDAGSOPE 16. mai kl. 12–16
BERRE SØNDAG: Potetplanter pr. stk. 199,90

For 25. gong
LUSTRA MARKNADEN
10.–13. juni 2010
Har du noko å selja i Sogn? Meld deg på!
Kontakt/påmelding/info: www.pyramidensenter.no
post@pyramidensenter.no • Telefon. 995 39 720

7 090005 513103

## Slinde fekk ikkje medhald

**SOGNDAL:** Fylkesmannen har avvist ein klage frå Gjertrud Slinde på frådelingsnekten frå Sogndal kommune. Slinde søkte om å få selja delar av garden sin på Slinde til tre ulike kjøparar, og behalda tunteigen til seg sjølv. Søkjaren bur i Oslo, og har ikkje tenkt å flytta til garden. Forvaltingsutvalet i Sogndal avslo søknaden. I klagen til Fylkesmannen hevdar Slinde at kommunen at søknaden ikkje er handsama likt i høve til andre liknande saker. Fylkesmannen meiner derimot at sakene klagaren viser til ikkje særleg like. Sakene strekkjer seg over eit tidsrom på over ti år, og tillegg er fleire av sakene frå gardar i sentrumsnære område. Slinde er derimot ei bygd som har opplevd fråflytting. Fylkesmannen meiner omsynet til kommunalt sjølvstyre inneber at det kan vera rom for ulike prioriteringar i ulike område, samt at vektlegginga av relevante moment kan endra seg noko over tid.

## Meld til politiet

**LÆRDAL:** Sogndal trafikkstasjon held kontroll ved Håbakkenn kontrollstasjon då den utanlandske semitraileren vart stogga. Der vart det avdekka at lasta var så dårleg sikra at føraren vart meld til politiet. Politiet skreiv same kveld ut eit førelegg til føraren på 13.000 kroner.

## Branntilløp på skule

**LEIKANGER:** Politiet fekk melding om branntilløp på Leikanger ungdomsskule klokka 23 onsdag kveld.Dei rykte ut til staden og kunne sjå at nokon hadde tent fyr på tørt gras og ilden hadde spreidd seg mot ein murvegg på skulen. Politiet ber om tips i saka på telefon 02800



***HASTEMØTE:*** *Frå venstre: Hilmar Høl, Ingvill Eldegard, Jan Inge Buene, Jørgen Asperheim (Sp), Anne Kauppi, Marie Helene Brandsdal og ordførar Arild Ingar Lægreid. Rådmann Ingvar Laberg med ryggen til.*

# Folkevalde snudde tvert

## Beklagar kritikk
## Tek avstand frå Sogn Avis

**ÅRDAL: Full forvirring etter lukka hastemøte.**

Møtet på ordføraren sitt kontor onsdag gjekk som venta for lukka dører. Etter halvannan time kom formannskapet ut, utan kommentarar til pressa – men med eit vedtak og ei pressemelding som har skapt full forvirring om dei folkevalde sine synspunkt på saka om spesialomsorg som Sogn Avis har reist den seinare tida.

### Personleg agenda

Tenesteleiar Kristiane Laberg gjekk siste veke til frontalangrep på det ho omtala som sentrale politikarar og hevda seg krenkja av «uprofesjonelle og nedlatande» utsegner. Ho hevda mellom anna at fleire av dei har ein personleg agenda mot ho.

Skuldingane er formulert i eit sokalla ope brev til formannskapet og publisert gjennom nettstaden Porten.no.

### Ikkje bra

Dei same politikarane uttala då til Sogn Avis at «dette er ein særs spesiell måte å gjera ting på, og at det ikkje er bra for kommunen».

– Slik skal me ikkje ha det, sa ordførar Arild Ingar Lægreid. Fleire av dei andre folkevalde nekta for å ha kome med utsegner mot einskildpersonar og kjende seg ikkje att i ei slik skildring.

### Særs uheldig

Etter hastemøtet onsdag hadde pipa fått ein heilt annan låt. Dei folkevalde vender i staden frustrasjonen mot Sogn Avis. I vedtaket beklagar formannskapet at medieoppslaga har skapt eit negativt bilete av den samla tenesta, og at kritikken som kjem fram råkar tenesteleiaren spesielt og området generelt. Dei folkevalde beklagar også at fleire av oppslaga råkar rådmannen på ein særs uheldig måte.

### Tillitvekkjande

Formannskapet tek avstand frå at Sogn Avis i ein leiarartikkel 11. mai trekkjer slektsforholdet mellom rådmannen og tenesteleiaren inn i saka, og presiserer at dei ikkje har grunn til å trekkja rådmannen sin integritet i tvil.

– Formannskapet opplever at rådmannen utfører arbeidet sitt på ein tillitvekkjande og god måte, heiter det.≈

### Høg prioritet

Formannskapet syner i vedtaket forståing for at pårørande og brukarar har ein strevsam kvardag og vil at dette området skal ha høg prioritet i den kommunale verksemda. Dei deler likevel tenesteleiar Laberg og rådmann Laberg sitt syn på at tenesta har utvikla seg positivt dei seinare åra.

Framlegget til vedtak er utforma at rådmann Ingvar Laberg. Det endelege vedtaket er einslydande med pressemeldinga underteikna av ordførar, som vart sendt ut etter møtet

Ifølgje møteprotokollen var det ingen frå administrasjonen som møtte, noko som ikkje stemmer. Rådmann Ingvar Laberg var til stades under heile møtet.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

SPESIALOMSORG

# Ber fami

## Legg seg flate
## Tek sjølv

**ÅRDAL: – Eg ser ikkje noko anna løysing enn at me må legga oss paddeflate og be familiane audmjukt om orsaking, seier Hilmar Høl om pressemeldinga frå formannskapet.**

Det gjekk ikkje lenge etter det lukka formannskapsmøtet onsdag før gruppeleiar Hilmar Høl innsåg at pressemeldinga var ein totalbom. Han fortel også at reaksjonane ikkje let venta på seg.

### Sytebrøker og løgnhalsar

Mellom anna fekk Høl og resten av formannskapet ein e-post frå Pål Hillestad, far til 16 år gamle Anita, som Sogn Avis tidlegare har fortalt om. Denne har Hillestad også vidareformidla til Sogn Avis.

– På ein eller anna måte har den eller dei som har skreve denne pressemeldinga fått oss foreldre til å framstå som «sytebrøker og løgnhalsar». De må ikkje tru at det var lett for nokon av oss familiar dette gjeld å stå fram med historiene våre, skriv Hillestad, som legg til:

### Brotne løfter

– Personalpolitikken dykkar er oss revnande likegyldig. Me er berre interesserte i å få det me har krav på utan å få til svar at kommunen manglar folk, at folk er sjuke eller har sagt opp, at kommunen søkjer etter folk, eller at det snart vert tilsett folk. Det er ikkje anna me har høyrt dei siste åra i tillegg til brotne løfter, skriv Hillestad.

Hilmar Høl seier han ikkje ser noko anna løysing enn å legga seg paddeflat og be om orsaking.

### Inn i krysselden

– Andre reaksjonar går på at formannskapet på mange måtar tillet - og dels støttar - eit sterkt farga forsvarsskrift frå denne tenesteleiaren. Det gjer me absolutt ikkje. Me kan ikkje akseptera ei slik handling frå hennar side. Og det som har skjedd etter det vedtaket onsdag, er at me langt på veg har gått inn i ein krysseld der me blir skyteskive frå begge kantar på grunn av vår handtering av denne saka og pressemeldinga.

– Det var ikkje meininga i det heile tatt, seier han, og forsikrar om at saka vert teken opp att på det ordinære formannskapsmøtet kommande tysdag. Her skal det opne brevet frå tenesteleiar Laberg opp saman med notatet frå rådmann Laberg.

### Bryt ned tillit

– Brevet frå tenesteleiaren var jo eigentleg ikkje på agendaen i møtet onsdag, men uansett har me jo faktisk forsvart at ho har fått kritikk, i tillegg til at og me har teke tilbake vår eigen kritikk. Det var ikkje meininga, poengterer Høl, og legg til at han er klar over at politikarane kan ha rive ned ein heil del tillit, både hjå pårørande, tilsette og folk flest.

### Fortener det ikkje

– Me må no gjera vårt til å byggja denne tilliten opp att i forhold til kvar me står i saka, og visa at me er handlingsdyktige. Eg forstår at me no vert oppfatta som vinglete, men det må me berre stå til rette for. Me må no finna tiltak som kan gjenoppretta trua til formannskapet i forhold til folket - og ikkje minst, familiane.

– Det som er viktigast av alt her, er jo brukarane og deira pårørande. Dei er no blitt stilt bak i rekkja i forhold til det saka eigentleg dreiar seg om. Det er dei me må unnskylda oss overfor. Dette fortener dei berre ikkje, og eg er forferdeleg lei meg, seier Høl, som får støtte hjå partifellen Anne Kauppi.

### Trist sak

– Dette er ille. Det som er det triste med denne pressemeldinga er at vinklinga på situasjonen no er blitt ei heilt anna enn det som er viktig. Dette er ikkje ei sak mellom sokalla sentrale politikarar og tenesteleiar, det blir jo heilt feil. Det saka eigentleg handlar om er familiar som har stått fram med sine historier, der dei faktisk kan bevisa at dei ikkje har fått det lovpålagde

## Endring i selskapsavtale

**SOGNDAL:** Formannskapet tilrår at Sogndal godkjenner eit punkt i selskapsavtalen for SIMAS som omhandlar representantar frå kommunane. Representantskapen er selskapet sitt øvste organ. Kvart kommunestyre i eigarkommunane oppnemner ein representant for valperioden. Formannskapet tilrår at ordførar Jarle Aarvoll blir representant, og varaordførar Heidi-Kathrin Osland blir vara.

## Fekk ekstra grasrotpremie

**AURLAND:** I Viking Lotto-trekningane 5. og 12. mai og Lotto-trekningane 8. og 15.mai kan Norsk Tipping sine grasrotgivarar vinne 10.000 kroner til seg sjølv og 10.000 kroner til grasrot-mottakaren sin. Onsdag 12.mai kunne to organisasjonar frå Sogn notere seg for 10.000 kroner ekstra på konto. Aurland Idrettslag, fekk sine ekstra tusenlappar takka vera ein mann på 66 år og Samarbeidsgruppa for Sørsida kan sende ein ekstra takk til ein mann på 54 år for at både dei og han vart titusen kroner rikare. Ved kvar av dei fire trekningane vert det trekt ut ti lag og ti grasrotgivarar som vinn 10.000 kroner kvar

# iliane om orsaking

kritikk ■■ Tek saka på nytt



**TEK SJØLVKRITIKK:** *Gruppeleiar Hilmar Høl seier det ikkje tok lang tid før han innsåg at pressemeldinga frå formannskapet onsdag var ein gedigen tabbe, og ber no familiane som har stått fram om orsaking.*

ilbodet dei har krav på. Det er blitt gløymt, det er det som er rist, seier ho.

### Topp prioritet

- Me trur på desse familiane og det dei fortel, og me må bere beklaga at dette kom ut slik det gjorde, seier Kauppi, som legg til at det i Ap sitt partiprogram står klart og tydeleg at slike saker skal ha topp prioritet.

– Og det at Sogn Avis set fokus på denne saka og på eit tenestetilbod som kommunen ikkje har greidd å oppfylla, det er bra. Det er det som er dei fremste oppgåvene til media, er hennar konklusjon.

### Vil ha dialog

Varaordførar Marie Helene Brandsdal seier meininga var å skapa ro rundt saka, men at ho ettertid ser at det hadde motsett verknad. – Dette kom heilt feil ut. Det var ikkje slik det var meint i det heile tatt, tvert i mot ønskte me å komma i betre dialog med desse familiane, seier ho.

– Eg ser at det kan bli vanskeleg å bygga opp tilliten igjen, men me må berre prøva, rett og slett ved å gå i dialog og syta for at dei får det tilbodet dei har krav på seier ho.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no






## Pågripen etter grisekøyring

**VIK:** Like før klokka 08.00 søndag morgon fekk politiet melding om ein bil som hadde køyrd ned ein straumførande stolpe ved Hopperstad stavkyrkje. Bilen enda ferda si ute på eit jorde, rett ved ein åker. To mann vart observerte springande frå staden. Politiet i Vik rykte ut og pågreip ein mann. Han vart teken med til legekontoret for blodprøve. Saka vil bli vidare etterforska av lensmannskontoret.

## Motorsykkel køyrde i bil

**VIK:** Politiet fekk melding om ei trafikkulukke på rv.13 mellom Vik og Vangsnes klokka 15.00 laurdag. Det var ein motorsyklist som hadde skadd seg etter at han køyrde på ein bil bakfrå. Den danske motorsyklisten vart etter ei stund frakta til sjukehus på Voss. Det var ikkje snakk om alvorlege skader, melder politiet.

## Roleg 16.mai feiring

**SOGNDAL:** Natt til 17. mai, like etter midnatt, kontakta ei ung kvinne i Sogndal politiet og opplyste at ho hadde blitt angripen av ei anna kvinne. Forholdet vil bli meld til politiet. Elles rapporterer politiet om ei roleg 16.mai feiring i Sogn. Det dårlege veret var nok med å dempa ned ein del av uteaktivitetane.



***HAR KLAGA:*** *Ekteparet Nina og Rune Hunderi har no klaga Årdal kommune inn for Fylkesmannen fordi dei ikkje får avlastingstilbodet til sonen Daniel (8) dei har krav på.*

# Rørt over responsen

## Skuffa over kommuneleiinga ■■ Har sendt inn klage

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Ekteparet Hunderi seier dei er rørt over all responsen dei har fått etter at dei stod fram med historia si om sonen Daniel (8).**

– Det har vore støtteerklæringar heile vegen som går på at endeleg er det nokon som torer å sei frå , mange av dei frå folk me ikkje kjenner. Det ringde til og med ein mann frå Haugesund som hadde jobba med dette i 30 år, som var opprørt på våre vegner, fortel dei.

### Skuffande

Ein reaksjon dei likevel ikkje hadde venta seg, var brevet frå tenesteleiaren som vart publisert på Porten.no for snart to veker sidan.

– Eg er mållaus. Ein ting er å gå ut mot politikarane på den måten, men det er svært skuffande når fokus blir flytta vekk frå det som eigentleg er saka. Ikkje eitt einaste ord nemner tenesteleiaren om dei familiane som har stått fram, seier Nina.

– Med brevet får tenesteleiaren det til å virka som om me diktar opp denne historia. Det er forferdeleg skuffande, legg ho til.

Dei reagerer begge på at tenesteleiaren hevdar at verken ho eller hennar overordna har fått negative tilbakemeldingar på det ho kallar ein konstruktiv arena.

### Ikkje for moro skuld

– Samstundes stadfestar det jo at det er leiinga som er uprofesjonell. Eg tykkjer det er skamfullt, den måten Årdal kommune handterer dette på og kor lite forståing dei har for kor tøft dette er for oss. Me går ikkje ut i media for moro skuld, me har meir enn nok med å få kvardagen til å henga i hop. Men kva skulle me gjera når alt anna er prøvd. Me er leie av å slåst mot ein instans som faktisk skal vera til hjelp for oss, seier Nina.

– Eg er rysta over arrogansen i det at ein kallar formannskapet for uprofesjonelle og nedlatande. Og eg hadde i alle fall førestelt meg at når me sit på eit møte med rådmann og ordførar, vert det rekna som eit seriøst forum å framføra kritikk i, seier Rune, med referanse til eit møte ekteparet hadde med kommuneleiinga 12. april .

Formannskapet si pressemelding frå sist onsdag gjorde at trua på dei folkevalde fekk seg ein alvorleg knekk.

### Eit slag i ansiktet

– Det var eit skikkeleg slag i ansiktet, nesten ikkje til å beskriva. Men i ettertid, etter at me for det første har fått vita at forslaget til vedtak var skrive av rådmannen sjølv, og politikarane for det andre har lagt seg flate for at dette var ein tabbe, er det sjølvsagt også mogleg å tilgje. Alle kan gjera feil. Men det er tydelegvis ikkje alle som har ryggrad nok til å beklaga det når det først skjer, det viser jo administrasjonen si handtering av saka ganske tydeleg, er konklusjonen.

Ekteparet har no sendt ei formell klage til Fylkesmannen i samband med alt rotet rundt avlastingstilbodet.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

## Får BU-midlar

**LUSTER:** Thorleiv Hurthi frå Luster har fått 620.000 kroner frå dei fylkesvis BU-midlane. Det er Innovasjon Norge som har innvilga søknaden.

## Falske oblat

**FJORDANE TINGRETT:** Den 55 år gamle nordfjordkvinna køyrde rundt med to bilar som var påsett falske oblat. Dermed såg det ut som alt var i orden med alle avgifter. Oblata hadde ho skaffa seg ved å stele dei frå andre sine postkasser. Denne praksisen utførde ho i både 2008 og 2009 før ho vart avslørt. Fjordane tingrett har dømd kvinna til 15 dagar fengsel på vilkår og 3000 kroner i bot.

## Credo Partners overtek Dooria AS

**ÅRDAL:** Credo Partners går inn som majoritetseigar i Dooria AS gjennom ei kapitalutviding. Hovudaksjonær i Dooria, Fjord Invest Industri AS, har i dag blitt samde med Credo Partners om å gjennomføra ei kapitalutviding i Dooria på totalt 60 millionar kroner, gåpr det fram av ei pressemelding frå Fjord Invest Industri AS. Både Credo Partners og Fjord Invest deltek i emisjonen, og Dooria sine minoritetsaksjonærar vil bli inviterte til å delta på like vilkår. Etter emisjonen vil Credo Partners kontrollera 51prosent av selskapet. Transaksjonen vert venta gjennomført i etterkant av godkjenning frå norske konkurransestyresmakter. Dooria er ein leiande nordisk produsent av dører med hovudkontor i Utvik og fabrikkar i Årdal og Sverige.

# Laberg erklærer se

**Personlege forhold** **Administrasjonen også ugild**

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Rådmann i Årdal kommune, Ingvar Laberg, gjer det klart at han er ugild i saka som vedkjem det mykje omtalte brevet frå tenesteleiar Kristiane Laberg.**

– Når det gjeld brevet frå tenesteleiaren, forstår eg jussen i forvaltningslova slik at den er tydeleg på at rådmannen ikkje kan handsama ei sak der ein person med nær relasjon, i dette tilfellet nokon eg er onkel til, er ein av partane. Dette er heilt sjølvsagt, seier Laberg.

### Krenkja av politikarar

Tenesteleiar Laberg gjekk hardt ut mot sentrale politikarar i eit brev publisert på Porten.no 6. mai , der ho seier ho kjenner seg krenkja av politikarar som har ein personleg agenda mot ho, og at desse kjem med nedlatande og uprofesjonelle utsegner, mellom anna i formannskapsmøte.

Spørsmålet om rådmannen sin habilitet er reist i samband med handteringa av dette brevet, som fleire av formannskapsmedlemmene har reagert sterkt på.

Ingvar Laberg er likevel klar på at han ikkje ser seg sjølv om ugild i høve til den vidare handsaminga av det som eigentleg er sakas kjerne, nemleg avlastingstilbodet til familiar med hjelpebehov som Sogn Avis har omtala den seinare tida.

### Personlege forhold

– Når det gjeld det som vedkjem rådmannen sin habilitet i forhold til det generelle ansvaret eg har for eit tenesteområde som øvste administrative leiar, er det ein annan ting. Dette har med utforming av avlastingstilbodet, nyverna bustad og andre driftsforhold å gjera, og her meiner eg meg habil seier rådmannen.

– Her er jo ikkje rådmannen ei part i saka.


Tenesteleiar går i strupen på folkevalde

– Dette er ikkje bra

**FAKSI-MILE:** *Sogn Avis 8. mai .*

Det er først når det dukkar opp ei sak som involverer ein nær slektning sine personlege forhold, at rådmannen sjølvsagt ikkje er habil. Dette har eg aldri tenkt noko som helst anna rundt, og det er elles heilt i tråd med andre tilsvarande juridiske situasjonar i mi rådmannstid, der kommunen har brukt setterådmann, seier Laberg.

### Tunga beint i munnen

Han seier han beklagar det om dette ikkje har vore gjort klart utad tidlegare.

– Det gjer eg. Spørsmålet er heilt uproblematisk for meg og internt i systemet har eg heile tida visst at eg ikkje kan handsama denne saka som gjeld ei varsling. Det har ikkje kosta meg mykje energi å komma fram til dette, men eg kan ta sjølvkritikk på at eg i all heten som har vore rundt dette spørsmålet ikkje har hatt tunga beint i munnen, det kan eg bli betre på, seier Laberg.

### Alle er ugilde

Rådmannen legg til at slik situasjonen er, vil også resten av administrasjonen verta ugild i handsaminga av det kommunen no ser på som ei varslingssak. Det vil seia at det heller ikkje er tenesteleiaren sin næraste overordna, kommunalsjef Alf Olsen, som skal handtera saka. Olsen har likevel ansvaret for å tilretteleggja den vidare saksgangen og korleis dette skal gå føre seg.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



**UGILD:** *Rådmann Ingvar Laberg gjer det klart at han er ugild i saka som omfattar omfattar avlastingstilbodet til familiar med hjelpebehov.* hand

# Søkjer råd om handtering

**ÅRDAL:**At varslingar om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen kjem via media, er så nytt for Årdal kommune, at leiinga vel å søkja råd for kunne handtera saka.

Mange har sett det som oppsiktsvekkjande at tenesteleiar Kristiane Laberg går i strupen på politikarar gjennom å publisera eit brev stila til formannskap og rådmann, på nettstaden Porten.no.

### Kritikkverdige forhold

Årdal kommune ser på det som ei varslingssak, der ein tilsett melder ifrå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Dette skal følgja særskilde prosedyrar, men arbeidsgjevar kan i følgje arbeids- og inkluderingsdepartementet ikkje «straffa» den som varslar med oppseiing eller andre reaksjonar.

– Arbeidstakarar har rett til å seia ifrå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen, men må ta eit visst omsyn til at arbeidsgjevar, arbeidsmiljø og kollegaer ikkje vert skadd unødig i prosessen, stadfestar kommunalsjef Alf Olsen jr.

### Har rett til å varsla

Olsen kan ikkje kommentera innhaldet i varslinga, men opplyser det er kritikkverdige forhold i organisasjonen som er utgangspunktet for ei varsling. Dette skal i følgje forskriftene gå føre seg via tenesteveg.

– Men varslar har sjølv rett til å velja på korleis måte det vert varsla. Me har eit HMT-system som normalt handterer vanlege varslingar, dei går jo tenestevegen. Me har eigne rutinar for dette, mellom anna i forhold til mobbing og trakassering, seier Olsen.

### Upløgd mark

Han vedgår likevel at det er uvanleg å få ei slik varsling via media, og kjenner ikkje til at Årdal kommune har hatt liknande saker tidlegare.

– Eg er heller ikkje kjend med at det er det andre kommunar som har. Dette er også årsaka til at me vel å søkja råd hjå KS, kommunane sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon, nettopp fordi dette er upløgd mark.

### Likskap for lova

*– Vil dette seia at også andre tilsette i Årdal kommune kan velja same metode som tenesteleiaren og varsla via media utan at det medfører tenestelege reaksjonar?*

– I utgangspunktet må kvar og ein vurdera kva slags rutinar ein brukar. Frå organisasjonen sin ståstad er me best tent med at dei vanlege rutinane via tenesteveg vert følgde og at alle har tillit til at det vert handtert etter dei retningslinjene som gjeld. Men det er klart, det er likskap for lova, seier Olsen.

# Sogn Avis

Torsdag 17. juni 2010 • Nr. 113 **36.000 lesarar kvar dag** • Laussal kr. 20,–



Urmaker Vatlestad Gull • Ur • Optikk Bjørklund
BRILLER/KONTAKTLINSER
Timebestilling 57 67 14 77
Sogningen Storsenter (2. høgda)
Offentleg godkjend optiker Reidar Bjørhovde


# Kasta foreldra ut frå møtet

■■ Stor irritasjon ■■ Diskuterte bak lukka dører



***SENDE PÅ DØR:*** *Ordførar Arild Ingar Lægreid og co. stengde foreldra ute frå formannskapsmøtet i Årdal i går.*

I over ein månad har foreldra venta på at rådmann Ingvar Laberg skulle gje ei tilbakemelding på korleis administrasjonen har tenkt å få i gang eit forpliktande avlastingstilbod i Årdal kommune i tråd med politisk fatta vedtak. Då saka kom opp i formannskapet i går vart foreldra sende på dør.

– Dette er reglerett å halda folk for narr. Eg lurer på kva det er dei prøver å halda skjult for oss, seier Rune Hunderi, far til Daniel (8).

Side 8 og 9



## Vann fram

**LEIKANGER** Njøs næringsutvikling, med Stein Harald Hjeltnes i spissen, skal leia eit prosjekt med ei kostnadsramme på ni millionar kroner.

Side 5

## Beklaga brutabbe

**VIK:** Den planlagde brua i Vik vart handsama som byggjesak.



– Det skulle ikkje ha vore gjort. Me må innsjå at det er gjort ein feil frå kommunen si side, sa Rådmann Oddbjørn Ese under formannskapsmøtet i Vik.

Side 4



## Kraftplugg med høge mål

Side 12 og 13





coop mega

Ulstein - Fosnavåg - Volda - Ørsta - Nordfjordeid - Florø - Førde - Høyanger - Sandane - Sogndal - Vik - Øvre Årdal - Manger

god middag!

Tilbudene gjelder hele uken.
Forbehold om utsolgt og trykkfeil.
www.coop.no

## To vart avskilta

**AURLAND:** Politiet og vegvesenet hadde trafikkontroll ved avkøyringa til Aurlandsvangen måndag. Kring 120 køyretøy vart kontrollerte. Politiet og vegvesenet tok føre seg teknisk tilstand, dokument, verneutstyr og promille. – Det vart fem reaksjonar. Det vart skrive ut gebyr for manglande førarkort, vognkort og bilbelte. To køyretøy vart avskilta fordi omregistreringsavgifta ikkje var betalt, opplyser Reinhardt Sørgård, operasjonsleiar i politiet.

## Innbrot i båtnaust

**LUSTER: Politiet fekk måndag melding om at nokon har teke seg inn i eit båtnaust like ved skulen på Hafslo. Ei rute er knust, og eigar hadde måndag ettermiddag enno ikkje oversyn over kva som er borteke, opplyser politiet, som måndag ute på staden.**

## Innbrot på fjellstove

**TYIN:** Politiet fekk laurdag ettermiddag melding om at det i løpet av natta hadde vore innbrot i Tyinkysset fjellstue. Tjuvane hadde fått med seg ein flatskjerm-tv, suvenirar, eit utkjend kontantbeløp, øl og tobakk. – Politiet var laurdag kveld på staden og har oppretta sak, vert det opplyst frå operasjonssentralen til Vestoppland politidistrikt. Politiet ser ikkje vekk frå at bygget kan ha vore dårleg sikra grunna brannen torsdag.

# La ut sensitive opplysni i offentleg postjournal

■■ Brot på teieplikta ■■ Kjempetabbe ■■ Beklagar sterkt

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Årdal kommune kasta foreldra ut frå formannskapsmøtet, men la ut sensitive opplysningar om familiane og borna deira på sin eigen postjournal.**

To dagar før møtet vart eit skriv adressert til Fylkesmannen lagt ut på postjournalen til Årdal kommune. Denne er offentleg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

### Inneheld detaljar

Brevet er eit svar til Fylkesmannen i samband med klagen som familien Hunderi har sendt på avlastingstilbodet, og inneheld mellom anna detaljar omkring tilbodet til kvar einskild brukar, kor mykje dei tre familiane tek imot i omsorgsløn og ei rekkje kommentarar til familien Hunderi sine klagepunkt.

Skrivet er datert og lagt ut den 14. juni – to dagar før formannskapsmøtet som familiane vart kasta utfrå då dei kom for å høyra kva politikarane hadde å seia om rådmannen si løysing på problemet med avlastingstilbodet.

### Lett å identifisera

Paradoksalt nok vart notatet frå rådmannen til formannskapet, og handsaminga av saka, unnateke offentlegheit på bakgrunn av at det inneheldt opplysningar som var underlagde teieplikta.

– Her handlar det om økonomi og vedtak. Med tanke på at det berre er tre brukarar, vil desse vera lette å identifisera, var kommunalsjef Alf Olsen si forklaring.

Dermed vart familiane sende på dør då handsaminga tok til, trass i at foreldra skriftleg hadde samtykka til at Sogn Avis og ålmenta fekk innsyn i notatet.

### Skuffa og frustrert

– Eg er skuffa og frustrert. Det er trass alt våre eigne born dette gjeld, sa Nina Hunderi til Sogn Avis etter at møtet vart lukka. Ho var naturleg nok ikkje mindre frustrert då det synte seg at kommunen har gjort seg skuldig i eit alvorleg brot på teieplikta ved å leggja ut opplysningar som er langt meir sensitive enn dei som kom fram i rådmannen sitt notat.

Kommunalsjef Alf Olsen i Årdal kommune legg seg flat og seier dette var ein tabbe.

### Låg ute i ei veke

– Det brevet skulle aldri ha vore på postjournalen, det var ein tabbe. Me fjerna det straks då me vart gjort merksame over at det låg ute, seier han, som vedgår at brevet var offentleg tilgjengeleg i ei veke før det vart fjerna.

– Det har nok litt samanheng med at brevet vart skrive i løpet av streiken, og me hadde ikkje folk på arkivet. I tillegg har det også litt med det elektroniske utvekslingssystemet mellom Fylkesmannen og kommunen å gjera. Brevet vart ikkje registrert inn hjå oss på rette måten, og skulle ha vore påført dei naudsynte kodar som unnatek det offentlegheit, seier Olsen.

### Sterkt beklageleg

Han legg til at han finn det sterkt beklageleg at dette kunne skje, og at kommunen har orsaka dette overfor vedkommande det gjeld.

– Uansett kva årsaka måtte vera, er tabben den same uansett. Det er ikkje noko unnskyldning at det ikkje var registrert inn hjå oss på riktig måte, det er berre ei forklaring, seier Olsen.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



BEK

## – Brot på teieplikta er straffbart

**ÅRDAL: – Eg vart mildt sagt forbanna då eg såg det, seier Nina Helle Hunderi, mor til Daniel (8), og varslar ny klage til Fylkesmannen.**

– Dette tek jo verkeleg kaka, spesielt i forhold til at dei kasta oss ut frå det formannskapsmøtet, fordi det kunne bli diskutert ting der som var underlagt teieplikt, om våre eigne born. Her snakkar me jo verkeleg om sensitive opplysningar som ingen andre har noko med, seier ho.

### Heng ikkje på greip

Ho fortel at ho ringde Fylkesmannen med det same ho vart merksam på kva som låg på Årdal kommune sine heimesider, og fekk der råd om å kontakta kommunen. Etter at ho gjorde det, vart dokumentet fjerna frå postlista.

– Eg tenkjer på at det også står tilsvarande sensitive opplysningar om dei to andre familiane og brukarane dette gjeld, ikkje berre oss. Dette heng rett og slett ikkje på ei greip, seier ho, som vil klaga til Fylkesmannen over at kommunen bryt teieplikta.

### Straffbart

I følgje førstekonsulent for helse, sosial og justis hjå Fylkesmannen, Arnt Erik Nordheim, er brot på teieplikta straffbart jamfør straffelova §121.

– Ja, brot på teieplikta er straffbart, men ikkje alle brot på teieplikta vert straffesanksjonerte. Me kjenner til fleire tilfelle der teiepliktige opplysningar har komme ut ved ein feil, til dømes via kommunen si postliste, seier Nordheim.

### Ingen straffesaker

– Det vanlege er at feilen vert retta straks kommunen vert gjort kjend med at opplysningane ligg ute. Me kjenner ikkje til at det er reist straffesak som fylgje av slike feil, legg han til.

Nordheim opplyser at forvaltningslova pålegg alle som utfører teneste eller arbeid for



FAK

eit f
å hi
får



## Må betala erstatning

**SOGN TINGRETT:** Ein mann i 20-åra, som er busett i Sogndal, vart tidlegare i år dømd for å ha hatt seksuell omgang med ei jente under 14 år i 2006. Sogn tingrett konkluderer då med ei straff på to år fengsel, der ni månader av straffa er gjevne på vilkår. Domen er anka, men det hadde ikkje noko betydning for retten si handsaming 7. juni av det sivile kravet fremja av den fornærma

# ngar



**KLAGAR:** Kommunalsjef i Årdal kommune, Alf Olsen j… er beklageleg at noko slikt kunne skje og at det var e… brevet vart lagt ut på kommunen sine h…




**…SIMILE:** Sogn Avis 17 .juni 2010

…orvaltningsorgan plikt til …ndra at uvedkommande …tilgang eller kjennskap til teiepliktige perso… ningar.





**INGEN AVTALE:** Kommunalsjef Alf Olsen jr i Årdal lukkast ikkje å få til nokon avtale med vikarbyrået som skulle supplera personalet i avlastingstilbodet.

# Ingen løysing med vikarbyrå

**ÅRDAL: Årdal kommune må sjå seg om etter andre løysingar for å få avlastingstilbodet opp og gå.**

SPESIALOMSORG

I notatet frå rådmannen til formannskapet som vart drøfta på eit lukka møte 16. juni , går det fram at Årdal kommune vil leiga inn ein privat aktør for å løysa bemanningssituasjonen rundt avlastingstilbodet.

### Vanskar med turnus

Slik blir det ikkje likevel, for etter det Sogn Avis kjenner til, har Kvæford Opplevelse og Avlasting as (KOA) trekt seg frå avtalen.

– Eg kan stadfesta at det ikkje er på plass nokon avtale med KOA, seier kommunalsjef Alf Olsen jr.

Han seier hovudårsaka er vanskar med å få turnusen til å gå opp.

– Ein føresetnad for at KOA skulle komma inn her, var at dei då måtte ta ganske mange og samanhengande vakter. Det skapar problem for dei av våre som er fast tilsette i spesialomsorg og som alt har fått ein turnus å forhalda seg til, seier han.

### Vil ta vare på tilsette

– Det er på ein slik måte at me finn det uakseptabelt i forhold til våre eigne tilsette. Det er viktig for oss å ta vare på dei me har og det er dermed viktig å finna andre løysingar som ivaretek desse. Det er det beste for oss og ikkje minst for brukarane på lang sikt, seier Olsen jr, og legg til at kommunen soleis har sydd saman andre opplegg for å få avlastinga til å gå i hop .

– Me har funne andre løysingar, delvis ved hjelp av meir bruk av eige personale, og delvis ved at me får inn folk frå andre vikarbyrå i andre delar av tenesta.

### Siste frist

Etter det Sogn Avis kjenner til omfattar løysinga også at det framleis vert kjøpt tenester frå ein privat aktør på Leikanger. Formannskapet sette 1. september som absolutt siste frist for ei forpliktande løysing på avlastingstilbodet i nye verna bustad, og Olsen seier han har tru på at dei skal få det til.

– Me jobbar utifrå dei føringane som er lagt i vedtaket, altså denne datoen. me jobbar med å få ting opp og gå så raskt som mogleg i forhold til dette, seier han.

### Søkjer vikar

I tillegg søkjer Årdal kommune no etter ein fast tilsett vikar i full stilling som kan gå inn og avlasta personalet.

– Det er ei utfordring å bruka vikarbyrå fordi at dei kan levera ein vikar som er her kanskje ei veke og 14 dagar, når det er brukarar med omfattande diagnosar og som det då eit omfattande opplæringsbehov for. Soleis søkjer me etter ein fast vikar, som sannsynlegvis blir ein del av avlastinga og som vonleg kan jobba litt på tvers inn mot verna bustad. Dette kjem som følgjer av eit utspel frå dei tilsette, som såg på dette som eit godt tiltak. Det er leiinga samde i, og me prøver difor å få dette til, seier Olsen.




**FAKSIMILE:** Sogn avis 19. juni 2010.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

Kampanje-dager!
Kampanjen varer til 10. juli 2010
VINDUER
40%* RABATT
*Tilbudet gjelder alle lagerførte modeller. Rabatten trekkes fra gjeldende prislister. Kan være bestillingsvare
998,- PR. SPANN
Herregård Exclusive
for utvendig treverk. 10 liter
399,- PR. STK
KETER PUTEKASSE
Str: 115x42x55 cm. 265 liter. Antrasitt. Leveres med ventilasjon og hjul.
249,- PR. STK
SLANGESETT GARDENA
Kraftige slangevegger. 15 års garanti. 20 meter
129,- PR. STK
VANNSPREDER
BYGGERIET
www.byggeriet.no
Byggeriet Byggsenteret Audun Hundere
SOGNDAL – Tlf: 57 62 79 79
Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer.

# Fylkesmannen støttar fa

## Svak styring av framdrift ■■ Ber om detaljert plan

**ÅRDAL: Årdal kommune har ikkje hatt god nok styring på avlastingstilbodet til tre familiar med særskilde hjelpebehov.**




*FULL STØTTE: Fylkesmannen slår fast at familiane ikkje har fått det tilbodet dei har krav på, og at Årdal kommune har hatt for dårleg styring av avlastings- med ordførar Arild Ingar Lægreid.*

SPESIALOMSORG

Det slår Fylkesmannen ettertrykkjeleg fast etter å ha ført tilsyn med avlastingstilbodet sidan 26. april. I følgje eit brev frå Fylkesmannen til familien Hunderi i Øvre Årdal datert 3. juni, skjedde dette etter at Sogn Avis gjennom ein artikkelserie hadde omtalt tre familiar og deira årelange kamp mot kommunen for å få eit tilstrekkeleg avlastingstilbod til sine psykisk og fysisk utviklingshemma born.

### Ikkje samsvar

I sin konklusjon skriv Fylkesmannen til Årdal kommune at utifrå det som er opplyst i tilbakemelding, er ikkje gjennomføringa av avlastingstilbodet i samsvar med dei vedtak som er gjort i saka.

– Som ein viktig grunn til at avlasting ikkje er ytt etter vedtaka, vert det nemnt at ny avlastingsbustad først kunne takast i bruk hausten 2009. Grunnen til detta har vore forseinking av byggjearbeid, etterarbeid, nedvask, innkjøp av møblar, turnusplan og rekruttering av personale, heiter det.

### Svak styring

– Utifrå opplysningane som er gjeve, synest det å ha vore svak styring av framdrifta i prosjektet. Kva tekniske funksjonar som må vera på plass, møblar og utstyr og personale, er noko kommunen burde ha tilstrekkeleg oversikt over i god tid før bustaden stod ferdig, meiner Fylkesmannen.

– Kommunen kjende alle brukarane og deira behov og det skulle soleis ikkje by på vesentlege problem å planleggja slik at bustaden kunne ha vore teken i bruk sommaren 2009, slår han fast.

### Ikkje godt nok

– Fylkesmannen meiner Årdal kommune ikkje har hatt god nok styring på avlastingstilbodet til tre brukarar, er konklusjonen.

Med omsyn til å følgja opp at vedtak som kommunen har gjort vert utført i praksis, ber Fylkesmannen om at kommunen seinast 25. august sender ein plan for korleis ein skal sikra stabil og fagleg forsvarleg drift av avlastingsbustaden og at tiltak vert gjennomført i samsvar med vedtak. I så fall tyder det at administrasjonen vil få ein travel sommar, for det er fleire ting som tyder på at dette framleis ikkje er på plass.

### Ingen avtale

Den opphavlege planen var å henta inn eit vikarbyrå for å få personalkabalen til å gå opp frå 1. september, som var den absolutt siste fristen formannskapet sette for at tilbodet skulle vera oppe og gå. Om naudsynt ville administrasjonen nytte innleige for å dekka opp manglande personalet frå denne datoen. Problemet er berre at vikarbyrået KOA as trekte seg frå forhandlingane med Årdal kommune, ettersom det ikkje var mogleg å få turnusen til å passa saman med den som kommunen sitt eige personale alt jobbar i.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no




**FAKSIMILE: Sogn Avis 20. april 2010.**




**FAKSIMILE: Sogn Avis 22. april 2010.**




**FAKSIMILE: Sogn Avis 15. mai 2010**




**FAKSIMILE: Sogn Avis 27. mai 2010.**




**FAKSIMILE: Sogn Avis 17. juni 2010.**

# amiliane



ilbodet. Her er Nina og Rune Hunderi og Reidun Fodnes i samtale

## Legg seg flat for kritikken



**ÅRDAL:** Fungerande rådmann Svein A. Grindhaug (biletet) legg seg flat for kritikken frå Fylkesmannen, men seier det ikkje er uventa.

– Konklusjonen frå Fylkesmannen er klar og tydeleg når det står at me ikkje har gjeve avlasting i samsvar med vedtak som er gjort i saka. Med bakgrunn i dei utfordringane me har hatt i forhold til å rekruttera inn personale, vil eg seia at det var uventa at konklusjonen vart slik, seier Grindhaug.

### Set alle klutar til

Kommunalsjefen som for tida er fungerande rådmann i Årdal, seier det berre er å leggja seg heilt flat for prosessane har drege ut og at det har teke så lang tid å få etablert eit avlastingstilbod til dei tre familiane.

– Det er viktig for oss å signalisera at me vil ha fokus fram over no på å setja alle klutar til for å få dette på plass, seier han.

### Beklagar sterkt

– Når me ser attende i tid, er det ingen tvil om at bygginga av verna bustad har drege ut, og eg kan langt på veg imøtekoma kritikken om at det har vore for svak styring i dette prosjektet. Me må berre beklaga på det sterkaste at dette ikkje har vore på plass tidlegare slik me signaliserte til brukarane, seier Grindhaug.



**IKKJE KRITIKKVERDIG:** *Setterådmann Oddvar Hansveen slår fast at formannskapet i Årdal ikkje har opptredd kritikkverdig når politikarar har uttala seg til media i samband med spesialomsorg.*

# Frikjenner formannskapet

**ÅRDAL:** Setterådmannen slår fast at formannskapet i Årdal ikkje har oppført seg kritikkverdig mot tenesteleiar Kristiane Laberg.

Det går fram av eit brev frå setterådman Oddvar Hansveen frå Eidsvoll, som vart henta inn for å handsama det mykje omtalte opne brevet frå tenesteleiar i spesialomsorg, Kristiane Laberg. Ho kjenner seg krenkja av sentrale politikarar som har uttala seg til media i sakene om spesialomsorg, og publiserte tankar omkring dette i eit brev på Porten.no 6. mai.

Hovudverneombod Steinar Drægni og kommunalsjef Alf Olsen jr. var samde om at brevet var å sjå på som ei varslingssak.

### Ikkje kritikkverdig

No slår likevel setterådmann Hansveen fast at det er det ikkje. I eit brev stila til tenesteleiar Laberg skriv Hansveen at hennar kritikk av einskildpolitikarar sine utsegner og kritikk av spesialomsorg ikkje representerer ei varsling slik Arbeidsmiljølova tolkar det

– Dei forhold du seier du varslar om, er ikkje straffbare eller lovstridige forhold. ( ...) Etter mi vurdering ligg politikarane sine utsegner i media innanfor rammene av den ordinære politiske debatten. At kritikk kan kjennast urimeleg eller som ei belastning for tilsette er klart ikkje noko som inneber at handlemåten vert eit kritikkverdig forhold, skriv Hansveen.

### Stor takhøgd

Han peikar også på at det at folkevalde og andre tek del i den offentlege debatten både er sjølvsagt og ynskjeleg i eit demokratisk og ope samfunn.

– Det skal og må vera stor takhøgd for kritikk mot kommunen, sjølv om dette etter omstenda kan kjennast belastande for tilsette i einskildsaker, seier Hansveen

### Nøgd med avklaring

Ordførar Arild Ingar Lægreid seier han ser på Hansveen sitt brev som ei grei avklaring og reknar med at saka no vert avslutta.

– Dette har vore mi tolking av dette heile vegen. Ein politikar må ha høve til å bruka eit språk og kanskje uttala seg på ein annan måte enn administrasjonen, men det er ikkje noko straffbart i dette. Spelereglane for både tilsette og politikarar i kommunen er slik at dei må gå tenestevegen. Det må difor vera opp til rådmannen å ta opp ting med politikarane, seier ordføraren.

### Tung prestisje

Gruppeleiar i Ap, Hilmar Høl, konstaterer at setterådmannen slår fast at politikarane ikkje har gjort noko feil.

– Dersom me ikkje skal få uttrykka oss på ein måte som folk forstår, kan me ikkje vera politikarar. Det eg ser som mest synd i denne saka, er at det på mange måtar vart lagt så mykje prestisje i dette frå administrasjonen si side, at det tok luven ut av det som verkeleg var viktig her. Det er mitt inntrykk. Slik sett er det godt å få saka ut av verda, slik at ein kan få konsentrert seg om det som er saka, nemleg avlastingstilbodet, seier Høl.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



– Ingen skal kunna straffast for varsling

**FAKSIMILE:** *Sogn Avis 29. mai*



Tenesteleiar går i strupen på folkevalde

– Dette er ikkje bra

**FAKSIMILE:** *Sogn Avis 8. mai*

## Vegstenging i Utladalen

**ÅRDAL:** I to månader framover, frå tysdag 31. august og fram til om lag 1. november, skal det utførast fjellreinsking og sikringsarbeid på fylkesveg 301 i Utladalen i Øvre Årdal. Arbeidet vil gå føre seg i Galden og i området mellom brua i Øyni og avkøyrselen til bustadfelta på Trondteigen. Arbeidet skal utførast mellom klokka 07.00 og 18.00 måndag til onsdag, og mellom 07.00 og 15.00 torsdag. I desse periodane kan vegen bli stengd i inntil ein time, med opning kvar heile time. Rutegåande trafikk blir ikkje hindra av vegstenginga. Resten av veka er vegen open for fri ferdsle.

## Køyrde i fjellveggen

**AURLAND:** Ein mann vart lettare skadd då han køyrde bilen i ein fjellvegg like ved Fjordsenteret i Aurland natt til laurdag. Føraren forlet bilen etter uhellet og tok seg heim til fots. Bilen fekk store skader og sperra for trafikken på staden, opplyser politiet. Politiet pågreip seinare sjåføren i bustaden og tok han med til lege i Lærdal for blodprøvetaking. Mannen vart innlagt på sjukehus for observasjon over natta, og det er mistanke om promillekøyring.

## Fråstolen bilskilt

**VIK:** Natt til laurdag vart ein bileigar i Vik fråstolen eine skiltet på bilen sin. Saka er meldt og blir etterforska av Vik lensmannskontor.

## Fartskontroll

**AURLAND:** UP gjennomførte fartskontroll i Gudvangen laurdag kveld. I 80-sona fekk tre bilførar forenkla førelegg. Høgste målte fart var 99 kilometer i timen.

# Avlastingstilbod på plass inna

Seinast 1. september · Fleire tilsette · Godt nøgd

SPESIALOMSORG

**ÅRDAL: Kommunalsjef i Årdal kommune, Alf Olsen jr, håpar og trur avlastingstilbodet vil vera på plass innan fristen kommande onsdag.**

– Slik det er no, vil vedtaket frå formannskapet si sida vera gjennomført frå den fristen som vart sett, altså 1. september, seier Olsen. Denne datoen er sett av formannskapet i Årdal som absolutt siste frist for å få tilbodet opp og gå. Fylkesmannen på si side forlangte ein plan for arbeidet på bordet seinast 25. august.

### Svak styring

Dersom avlastingsbustaden fungerer skikkeleg innan kommande onsdag, tyder dette at familiar i Årdal med psykisk og fysisk utviklingshemma born endeleg får tilbodet dei er blitt lova gjennom lenger tid. Til no har ikkje kommunen greidd få den nye avlastingsbustaden i Øvre til å fungera skikkeleg, trass i at bygget stod ferdig i desember i fjor. Etter at fleire av familiane stod fram og fortalde sine historier i Sogn Avis i vår, opna Fylkesmannen tilsynssak mot kommunen.

Konklusjonen var at kommunen har hatt svak styring med prosjektet og at tilbodet er for dårleg.




*GODT NØGD: Kommunalsjef Alf Olsen jr i Årdal meiner å ha god grunn til å smila over stoda slik ho er per i dag.*

### God innsats

– Eg vart ikkje overraska over resultatet slik sett, dette var noko me visste om, er kommunalsjefen sin kommentar til det. Han understrekar at han er nøgd med at kommunen no ser ut til å ha funne ei løysing som gjer at familiane får det tilbodet dei har krav på, og seier det er god innsats frå dei tilsette som har gjort det mogleg gjennom sommaren.

### Fyller stillingar

– I utgangspunktet hadde me ein strategi om å satsa på eit vikarbyrå, men den løysinga gjekk for mykje utover våre tilsette med omsyn til turnus, noko me ikkje ynskte. Dermed vart det ikkje nokon avtale, seier Olsen.

– I staden fekk me ei ordning med våre eigne tilsette som har gått mykje overtid denne sommaren og rett og slett gjort ein kjempeinnsats langt utover det ein kan forventa i eit arbeidsmiljø, dette er me sjølvsagt særs takksame for, seier kommunalsjefen, som har brukt sommaren til å gjennomgå ein prosess i høve til å fylla stillingar i tenesta.

Olsen seier det no er tilsett nok folk til å starta avlastingstilbodet i samsvar med vedtaket, men at det vil vera ein periode fram til alle dei nye tilsette er på plass som byr på nokre utfordringar.

### Jobba meir

– Dette vil me kunne løysa ved at me tilbyr dei som alt jobbar her i dag, å jobba meir for å fylla opp stillingane. Me har også ein prosess inn mot fagforeiningane for å få godkjend dei nye turnusane, men eg reknar med dette vil gå i orden. Så snart dei er godkjende, vil me starta opp med dei, seier Olsen.

Han legg til at fleire av dei som no er tilsett, kjenner til brukarane frå før, noko som gagnar kommunen reint opplæringsmessig.

### Flytta frå bygda

Etter det Sogn Avis kjenner til, har ein av dei tre familiane dette først og fremst gjaldt, flytta frå bygda for ein periode. Dette medverkar også til at kommunen kan få tilbodet til å hengja saman reint personalmessig.

– Eg vil ikkje gå nærare inn på det, men det er jo ein del av biletet med omsyn til at det då er lettare å finna ei løysing for dei andre brukarane, seier kommunalsjefen.

Alf Olsen jr opplyser dessutan at det for tida går føre seg eit arbeid for at avlastingsbustaden i Øvre Årdal skal stå klar til bruk frå i morgon av.

– Det har vore teke opp ein del praktiske ting i høve til dette, mellom anna år det gjeld varmekablar og tilrettelegging av til dømes sanitærforhold, samt ein del småting. Ting er byrja å komma på plass. Det er ikkje sikkert at alt er heilt hundre prosent innan fristen, men dei viktigaste tinga er i alle fall gjort noko med. Rutinar i forhold til overføring

## Ein fekk bot

**SOGNDAL:** Natt til søndag kontrollerte politiet 27 køyretøy i Sogndal. Det vart skrive ut eit gebyr for manglande dokument. I tillegg vart det gjeve seks muntlege pålegg for mindre tekniske manglar.

## Stal GPS

**AURLAND:** Midt på en i går fekk politi melding om grovt eri frå ein bil som parkert på strekni Aurland- Hol i helg Vindauge er knust ein GPS er stole. I holdet er meldt til politiet.

# an fristen



/ kunnskap mellom aktskifte og personalessige ting er også byrja komma på plass, og skal ngera frå den datoen om er sett, seier han.

Formannskapet i Årdal l få attendemelding om ette på sitt første møte ter ferien i morgon tysag.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

**Dette er saka:**

- Fleire familiar i Årdal har fortalt om at dei ikkje får det avlastingstilbodet til sine fysisk og psykisk utviklingshemma born dei er blitt lova av Årdal kommune.
- Avlastingsbustad stod ferdig i desember 2009, men er først teken i bruk i løpet av sommaren.
- Årdal kommune skuldar på rekrutteringsvanskar.
- På bakgrunn av medieomtale, opna Fylkesmannen tilsyn sist i april.
- I juni sto Fylkesmannen fast at Årdal kommune har eit for dårleg tilbod til desse familiane og at styringa med å få på plass avlastingstilbodet har vore svak.
- Fylkesmannen gav kommunen frist til 25.august for å komma med ein plan for korleis tilbodet skal gjevast.
- Formannskapet i Årdal har tidlegare slått fast at avlastingstilbodet skal vera oppe og gå innan 1.september.



# Stor oppslutnad om spesialomsorg

To ledige stillingar · 27 søkjarar · Attraktive turnusar



**DRAUMESITUASJON:** *Kommunalsjef Alf Olsen seier oppslutnaden rundt ledige stillingar i spesialomsorg er større enn på særs lenge.*

**ÅRDAL: Etter årevis med rekrutteringsvanskar, opplever Årdal kommune stor oppslutnad omkring ledige stillingar i spesialomsorg. – Ein draumesituasjon, seier kommunalsjef Alf Olsen jr.**

SPESIALOMSORG

– Dette er faktisk særs uvanleg i forhold til tidlegare. Går me eitt år attende i tid, var situasjonen nærast stikk motsett, så her har det tydeleg skjedd ei endring, seier Olsen, som sjølvsagt er særs nøgd med stoda. Til to stillingar som var utlyst i sommar, melde det seg nemleg heile 27 søkjarar.

### Konsekvensar

Ifølgje eit møtereferat datert 27. april frykta avdelingsleiarane i spesialomsorg at det dei meiner er negativ avisomtale av spesialomsorg, kan få fatale konsekvensar for den vidare rekrutteringa av personale i tenesta. Her blir det også slått fast at det er media som er årsak til at tenestetilbodet ikkje er godt nok, trass i at det manglande tilbodet vart forklart med personalmangel og rekrutteringsvanskar overfor media.

### Påverkar kvaliteten

– Ubalanserte framstillingar skapar uvisse, dårleg arbeidsmiljø og vanskelege rekrutteringstilhøve. Dette påverkar i sin tur kvaliteten på tilbodet brukarane tek imot, heiter det i referatet, som er ført i pennen av kommunalsjef Svein A. Grindhaug og underteikna av åtte avdelingsleiarar i spesialomsorg, i tillegg til leiar Kristiane Laberg, hovudverneombod Steinar Drægni og leiar i Fagforbundet, Inger Helen Midtun.

### Endra marknad

Det kan synast som om det var lite hald i frykta, ettersom oppslutnaden rundt ledige stillingar altså ser ut til å vera større enn på lenge. Kommunalsjef Olsen seier at det truleg ikkje er nokon einskild årsakssamanheng som gjer sitt til dette.

– Det er nok fleire forhold som påverkar det, mellom anna har arbeidsmarknaden i Årdal endra seg som følgjer av finanskrisa. Slik sett vil dei tilhøva som er på Hydro no og andre endringar i lokale forhold, vera ein del av biletet, seier han, som også peikar på at nye turnusar kan visa seg å vera særs attraktive for ein del søkjarar, spesielt dei sokalla oljeturnusane.

### Betre søknad

– Det har i alle fall vore betre søknad på ein del av dei stillingane som har oljeturnus enn på dei vanlege, slik eg ser det. Det at dei tilsette har høve til å jobba i lenger periodar, til dømes 13 timars skift i ein periode, for så å ha ein lengreperiode med fri, kan vera attraktivt for mange, seier Olsen.

Han legg til at aksept frå fagforeininga og dei tilsette sjølvsagt er ein føresetnad for dette, samt at det ikkje er alle delar av tenesta som har slik oljeturnus.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no

gjensidige.no/utbytte

GJENSIDIGE

PÅMINNELSE

PENGER TIL GODE

Er du forsikringskunde og har fortsatt ikke tatt ut utbytte?
Da må du gjøre det nå.
Se hvordan du kan få utbetalt pengene på gjensidige.no/utbytte

Tiden går – Gjensidige består




**Leikanger:** Ja til omstridd skogsveg — Side 7

**Oslo:** Stor kveld for Roger og Irene — Side 14 og 15

**Sogndal:** Taklar dei fleste posisjonar — Side 16

**Luster:** Trekte vinnarloddet — Side 26 og 27

Sogn Avis

Laurdag

25. september 2010 • Nr. 184 *34.000 lesarar kvar dag* • Laussal kr. 20,–

Toyota Sogn
6854 Kaupanger - toyotasogn.no
• Godt utval brukte bilar
• Service og EU-kontroll
TOYOTA
Tlf. 57 67 66 66 – www.toyotasogn.no

# Bad om orsaking

## Forsoning i Årdal etter lang og bitter strid



*FORSONING: Eit møte mellom kommunen og pårørande enda med forsoning. Her ser me Nina Hunderi, Reidun Fodnes og Ingvar Laberg.*

Rådmann Ingvar Laberg beklaga i går at Årdal kommune, i samband med kommunen si handtering av saka, har påført dei pårørande til brukarar av spesialomsorgstenesta unødig belastning. – På vegner av kommunen vil eg beklaga at dei har blitt påført mykje stress og strev i denne situasjonen, sa rådmannen.

Side 4



**Fransk satsing**

Side 10 og 11

Skal du
RYDDA?
Me har container til utleige!
Sogn Transportsentral ba
✆ 57 67 81 07

LEI AV HØGE UTGIFTER?
10 ÅR 2000 - 2010
BLI ENIVEST ADSL KUNDE OG FÅ
3 MÅNADER UTAN KOSTNAD
BYTT I DAG OG SPAR INNTIL KRONER 1194,-
57 00 91 00
enivest.no
inform-media.no
enivest

## Avdekkjer overgrepssaker

**SOGN:** Som politisk oppnemnd medlem av ei kommunal barnevernsnemnd kunne mannen sjå seg ut høvelege offer. Saka går attende til 70-talet og har nedslagsfelt i ein kommune i Sogn. No blir det grufulle misbruket avdekt.

Side 5

Audi Service
Hugsar du vinteren i fjor?
Tilbod på DEFA motorvarmar inkl. montering
Berge & Co AS
Service Garanti
Berge & Co AS
Førde 24 03 18 00 – Florø 57 74 22 40
Sogndal 57 67 57 00

7 090005 513103